

# **St. meld. nr. 12**

**(1985—86)**

**Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984**

## INN H A L D

Stortingsmelding om arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984 3

**Vedlegg:**

1. Norsk kulturfond — Årsmelding 1984 .....	10
2. Statens barne- og ungdomsråd — Årsmelding 1984 .....	37
3. Statens idrettsråd — Årsmelding 1984 .....	42
4. Utsmykkingsfondet for nye statsbygg — Årsmelding 1984 .....	45
5. Det norske komponistfond — Årsmelding 1984 .....	54
6. Fondet for utøvende kunstnere — Årsmelding 1984 .....	57
7. Utvalget for statens stipend og garantiinntekter for kunstnere — Årsmelding 1984 .....	62
8. Norsk kassettavgiftsfond — Årsmelding 1984 .....	74

## St. meld. nr. 12

(1985—86)

### Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

Tilråding frå Kultur- og vitskapsdepartementet av 11. oktober 1985,  
godkjend i statsråd same dag.

#### INNLEIING

Kultur- og vitskapsdepartementet legg med dette fram ei melding om arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984. Etter at Stortinget no har drøfta og slutta seg til synspunkta i Innst. S. nr. 257 for 1984—85, Innstilling fra kontrollkomitéen om forslag til sanering og forenkling av institusjonsmeldinger/årlege stortingsmeldinger, reknar departementet med at det er siste gongen ei slik samlemelding blir lagd fram for Stortinget.

Departementet vil heretter ta opp aktuelle spørsmål i dei årlege budsjettproposisjonane. Fonda, råda og utvala vil bli pålagde å sende årsmeldingane sine til departementet.

I samsvar med lov av 14. desember 1956 om avgift på offentleg framføring av verka til utøvande kunstnarar og lov av 9. april 1965 om Det norske komponistfondet har det årleg vore lagt fram meldingar til Stortinget om verksemda til Fondet for utøvande kunstnarar og Det norske komponistfondet. Etter stortingsvedtak av 19. juni 1965 og 1. mars 1968 har det vore gitt melding om verksemda til Norsk kulturfond og Utvalet for statens kunstnarstipend.

Frå og med meldingsåret 1977 vart desse meldingane samla i ei felles stortingsmelding, der det etter oppmoding frå Stortinget også vart teke med årsmeldingar frå sakkunnige råd på kulturområdet. I meldinga vart det samtidig gitt oversyn over verksemda til ein del fond.

Meldinga for 1982 følgde eit noko anna opplegg enn tidlegare år. M.a. vart talet på trykte vedlegg redusert frå 22 til sju. Stortinget hadde ikkje merknader til dette. Departementet har lagt den same disposisjonen til grunn for meldingsåret 1984. Årsmeldingane frå følgjande organ blir dermed lagde fram som trykte vedlegg:

- Norsk kulturråd
- Statens barne- og ungdomsråd

- Statens idrettsråd
- Utsmykkingsfondet for nye statsbygg
- Det norske komponistfondet
- Fondet for utøvande kunstnarar
- Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar
- Norsk kassettavgiftsfond

Årsmeldingane frå følgjande organ blir lagde fram som utrykte vedlegg:

- Statens museumsråd
- Statens bibliotekråd
- Teaterrådet
- Statens musikkråd
- Norsk filmråd
- Hjelpefondet for biletkunstnarar
- Vederlagsfondet for komponistar
- Norsk forfattar- og omsetjarfond
- Norsk grafikarfond
- Norsk kortfilmfond
- Norsk faglitterært fond
- Norsk fotografisk fond
- Fondet for norske fagfotografer
- Norsk illustrasjonsfond
- Fondet for norske grafiske designerar.

Alle desse årsmeldingane har — så langt det høver — opplysningar om:

- Organisasjon og retningslinjer
- Aktiviteten i 1984, m.a. oversyn over arbeidsmåtar og møteverksemd
- Utgreiingar og tilrådingar som er gitt
- Representasjon og kontakt med andre organ
- Økonomiske tilhøve
- Administrative tilhøve.

Grunnlaget for denne stortingsmeldinga er årsmeldingane som dei aktuelle organa sjølve har lagt fram om verksemda i 1984. Departementet viser til at dette materialet på ingen måte gir eit fullstendig oversyn over den statlege innsatsen på kulturområdet. Meir utførleg

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

allmenn dokumentasjon og vurderingar frå Regjeringa er lagt fram i St.meld. nr. 27 for 1983—84, Nye oppgåver i kulturpolitikken, som er eit tillegg til St.meld. nr. 23 for 1981—82, Kulturpolitikk for 1980-åra. Desse meldingane vart drøfta i Stortinget 28. mars 1985, på grunnlag av Innst. S. nr. 132 (1984—85). Refererte framlegg frå institusjonane vil departementet eventuelt komme tilbake til i dei årlege budsjettproposisjonane til Stortinget eller på annan måte.

**SAKKUNNIGE RÅD****Norsk kulturråd**

Mellom dei sakkunnige råda som blir omtala i meldinga, står Norsk kulturråd i ei særstilling, fordi rådet også er styre for Norsk kulturfond. Norsk kulturfond fekk i 1984 ei samla løyving på kr 71 819 000. Ved kongeleg resolusjon av 2. mars 1984 vart tilskottsdelen, 68 mill. kroner, fordelt på hovudområde etter framlegg frå Kulturrådet.

Verksemda til Norsk kulturråd og Norsk rádgivande organ for styresmaktene i kulturpolitiske spørsmål.

I årsmeldinga for 1984 er innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker drøfta særskilt. Bakgrunnen for dette er at rådet har hatt eit eige utval som har sett på innkjøpsordningane. Utvalet konkluderte med at behovet for støtte til ny norsk skjønnlitteratur har endra seg lite sidan ordningane vart oppretta, og at dei derfor bør halde fram, med somme forbetingar. Rådet har sluttat seg til dette. Ei eventuell utviding av ordningane vil ein komme tilbake til i budsjettetsamanheng.

I 1984 vart det kjøpt inn 200 titlar (førebels tal) under innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, mot 207 i 1983. Talet på innkjøpte barne- og ungdomsbøker var 78 (førebels tal), mot 77 året før.

Av den samla løyvinga gjekk 34 pst. med til å halde oppe desse to ordningane. Dei aukande kostnadene ved innkjøpsordningane har ført til stadig større binding av dei midlane rådet disponerer. Det har også vore eit problem at handlefridomen allment sett etter kvart har blitt mindre fordi også dei andre faste tilskotta bind ein veksande del av fondsmidlane. Dette går m.a. ut over søknader som gjeld interessante forsøksprosjekt, nye idéar og tiltak og utradisjonelle arbeidsformer.

Rådet har hatt eit anna utval, Organisasjonsutvalet, til å sjå desse problema. Utvalet har komme med ei rekke framlegg til endring av arbeidsmåtar og løyvingspolitikk. Departementet har meint at ei heil omlegging

av løyvingspolitikken er eit så omfattande spørsmål at det også bør drøftast av det nye rådet som er oppnemnt frå 1. januar 1985.

Som konsekvens av tilrådinga frå Organisasjonsutvalet kan det nemnast at talet på faste utval under Kulturrådet no er sterkt redusert. Vidare har arbeidsutvalet fått utvida si løyvingsfullmakt frå kr 50 000 til kr 100 000.

Ein del av dei andre framlegga vil ein komme tilbake til når m.a. dei administrative og økonomiske konsekvensane er utgreidde.

**Statens barne- og ungdomsråd**

Statens barne- og ungdomsråd vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon av 20. august 1982. Ved utgangen av 1984 var den første mandatperioden over. Perioden har vore prega av ei større interesse for og vektlegging av ungdomspolitikken, både politisk og administrativt. Kultur- og vitkapsdepartementet har sett rådet som ein viktig ressurs i samband med gjennomføringa av den nye ungdomspolitikken. Det har vore eit sterkt ønske frå Rådet å få ei friare stilling i høve til forvaltninga gjennom ei eiga sekretærordning. Dette vart gjennomført frå 1. januar 1985 ved at hovedsekretæren for rådet formelt er avgitt frå Ungdoms- og idrettsavdelinga og står til disposisjon for rádsleiaren i spørsmål som rådet har til behandling.

Av dei sakene Rådet har arbeidd med, vil departementet særleg trekke fram arbeidet med å lage ein ny standard for barne- og ungdomsundersøkingar i kommunane. Departementet vonar at den nye standarden kan bli ein viktig reiskap til å skaffe fram betre kunnslap om ungdom og såleis gi grunnlag for planar og gjennomføring av tiltak retta mot aldersgruppa.

**Statens idrettsråd**

Dei viktigaste sakene for Statens idrettsråd i 1984 var fordelinga av tippeoverskottet 1983 og søkeraden frå Norges Idrettsforbund om stats- og tippemidlar for budsjettåret 1984.

Rådet har vidare m.a. vurdert det store gapet mellom behovet for midlar til idrettsanlegg og dei midlane som blir løvd. Rådet har derfor m.a. gjort framlegg om endring av tippenøkkelen.

**Statens museumsråd**

Arbeidet i Statens museumsråd byggjer på eit arbeidsprogram for fireårsbolken 1983—86.

I samarbeid med Statistisk sentralbyrå har Museumsrådet samla inn eit omfattande grunnlagsmateriale for nye statistiske opplys-

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

ningar om norske musé og samlingar. Resulata inngår i kulturstatistikken frå Statistisk sentralbyrå.

Rådet har tidlegare teke initiativ til eit prøveprosjekt med vandreutstillingar i Trondelag. Den første utstillinga vart opna i 1983, og den neste blir send på vandring i 1985. Ein evalueringsrapport ligg føre.

Eit eige utval nedsett av Statens museumsråd vurderer for tida museumsstrukturen her i landet. Innstillinga skal etter planen ligge føre hausten 1985. Eit anna utval drøftar organiseringa av universitetsmusea.

Rådet har i meldingsåret gitt ei rekke fråsegner til departementet, m.a. om konservering av museumsgjenstandar, om formidlingsverksemnd ved musea og om lokalhistoriske samlingar.

**Statens bibliotekråd**

Rådet har m.a. drøfta spørsmålet om utlån av videogram i folkebibliotek og situasjonen for skolebiblioteka når lovheimelen blir flytta til skolelovene. Departementet vil komme tilbake til desse sakene i proposisjonen om ny biblioteklov som blir lagd fram for Stortinget hausten 1985.

Rådet har også fått ei orientering om produksjon og distribusjon av lydbøker i Noreg. Departementet vil i samråd med Statens bibliotektilsyn vurdere nærmare framlegga i St. meld. nr. 23 for 1981—82 på dette området.

**Statens musikkråd**

Statens musikkråd er av Kultur- og vitaksdepartementet etter samråd med Utanriksdepartementet oppnemnt som nasjonalkomité for Det europeiske musikkåret 1985 (EMY). Formannen i rådet er også nordisk representant i den programansvarlege styringsgruppa for EMY.

Som nasjonalkomité har Statens musikkråd tatt initiativ til å opprette fylkeskomitear for Musikkåret.

Rådet har i størst mogeleg grad freista å desentralisere det praktiske arbeidet med musikkåret. I samband med førebuingane til musikkåret har Statens musikkråd halde ein konferanse med representantar for fylkeskomiteane. Løyvingar i samband med musikkåret er fordelte av departementet i samråd med rådet. Statens musikkråd gir tilråding om bruken av midlar frå ulike legat. I 1984 vart utgreiinga om «Instrumentmakar/fiolinbyggjar-situasjonen i Noreg» sluttført. Eit notat om utviklingstendensar i norsk musikkliv vil ligge føre i 1985.

**Teaterrådet**

Rådet vitja i 1984 Island og drøfta tilskottsortningar i dei to landa og tiltak til fremjing og bruk av innanlands dramatikk.

Teaterrådet har i meldingsåret drøfta ymse sider ved gjeldande tilskottssordning med særleg vekt på spørsmål om kravet til eigenintekt og kva dette har å seie mellom anna når det gjeld turnéverksemda og framsyningar for barn. Rådet har gitt departementet tilråding i ymse saker på teaterområdet.

Teaterrådet vitja i 1984 Rogaland Teater der ein drøfta aktuelle teatersaker.

**Norsk filmråd**

Norsk filmråd vart avvikla 31. desember 1984, i samsvar med vedtak i Stortinget 3. mai 1984, jf. St.meld. nr. 21 for 1983—84, Film i mediesamfunnet, og Innst. S. nr. 15 for 1983—84.

**FOND****Allment**

Fonda kan delast i to hovudgrupper, vederlagsfond og andre fond. Namnet indikerer kvar fonda får inntektene frå. Midlane til vederlagsfonda er betaling for den bruk det offentlege og/eller private gjer av opphavsrettsleg verna verk. Inntektene til desse fonda blir fastsette etter forhandlingar mellom kunstnarorganisasjonane og staten. Inntektene til dei andre fonda byggjer på einsidige statlege vedtak, og er for største delen avgifter.

Det gjeld ulike reglar for oppnemning av styremedlemmer og fastsetjing av vedtekter og retningslinjer for fonda. Allment har vederlagsfonda ei noko friare stilling i høve til styresmaktene enn dei andre fonda. Alle fond legg fram rekneskap og årsmelding for departementet. Fondsstyra fastset den konkrete bruken av midlar innanfor generelle retningslinjer. Det blir gitt støtte til tre hovudgrupper:

- Støtte til opphavsmenn, produsentar og kunstnarar eller deira etterlatne, t.d. stipend, honorar, lån, pensjon m.m.
- Støtte til institusjonar og kunstnarorganisasjonar.
- Støtte til ulike tiltak som utstillingar, konserter, produksjonar m.m.

**Vederlagsfond**

Vedtektena for fonda blir godkjende av departementet.

Vederlagsfonda forvaltar til dels eigne midlar, som medlemskontingent frå organisasjonane og betaling for den bruk private gjer av

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

oppavsretsleg verna verk m.m. Mesteparten av midlane over statsbudsjettet kjem frå bibliotekvederlaget og vederlag for kopiering i undervisningsverksemd.

Bibliotekvederlaget har heimel i lov om folke- og skolebibliotek av 18. juni 1971 nr. 80 § 18. Bibliotekvederlaget er betaling for fri bruk og er såleis kulturpolitisk grunngitt. I 1984 utgjorde vederlaget kr 14 099 387.

Vederlag for kopiering til undervisningsverksemd har heimel i avtale mellom staten og kunstnarorganisasjonane av 24. september 1984 og mellombels lov om fotokopiering o.l. av 8. juni 1979 nr. 40. Dette er vederlag for bruk som krev samtykke av rettshavarane, og har såleis ikkje kulturpolitisk grunngiving. For 1984 utgjorde vederlaget kr 15 468 830.

*Norsk kortfilmfond*

Etter avtale av 10. desember 1982 blir det betalt kompensasjon for den bruken staten gjer av kortfilm. Vederlaget er kulturpolitisk grunngitt, og blir løyvt over statsbudsjettet. Midlane, som i 1984 utgjorde kr 606 000, blir forvalta av Norsk kortfilmfond. Styret for dette fondet blir valt av Norsk Filmforbund.

Formål: Fremjing av norsk kortfilm, men ikkje rein produksjonsstøtte. 15 pst. av vederlaget går til drift av Norsk Filmforbund.

Til følgjande åtte fond kjem midlane i hovudsak frå bibliotek- og kopieringsvederlaga:

*Vederlagsfondet for komponistar*

Styret blir valt av Norsk Komponistforening og NOPA (Norske Populæratorer).

Formål: Støtte til aktive komponistar, tilskott til musikkorganisasjonar til fremjing av samtidsmusikk, stønad til eldre kunstnarar og deira etterlatne.

*Norsk forfattar- og omsetjarfond*

Styret blir oppnemnt av Kultur- og vitaksdepartementet etter innstilling frå Norske Dramatikeres Forbund, Ungdomslitteraturs Forfatterlag, Norsk Oversetterforening og Den norske Forfatterforening.

Formål: Stipend, hjelpefond m.m. til skjønnlitterære skribentar, stønad til eldre kunstnarar og deira etterlatne, drift av dei skjønnlitterære skribentorganisasjonane.

*Norsk grafikarfond*

Styret blir oppnemnt av Kultur- og vitaksdepartementet etter innstilling frå Foreningen Norske Grafikere.

Formål: Fremjing av norsk grafikk, stønad til grafikarar og deira etterlatne.

*Norsk faglitterært fond*

Styret blir valt av Norsk Faglitterær Forfatterforening.

Formål: Støtte til faglitterære prosjekt i form av stipend, drift av Norsk Faglitterær Forfatterforening. Norsk Journalistlag/Norsk Redaktørforening får 15 pst. av bibliotekvederlaget til dei faglitterære.

*Norsk fotografisk fond*

Styret blir valt av Forbundet Frie Fotografer.

Formål: Støtte til prosjekt og tiltak til fremjing av kunstnarleg fotografi, drift av Forbundet Frie Fotografer, støtte til etablering av Fotografisk Hus.

*Norske fagfotografars fond*

Styret blir oppnemnt av Kultur- og vitaksdepartementet etter innstilling frå Norges Fotografforbund.

Formål: Arbeids- og reisestipend til fagfotografar, stønad til eldre fotografar og deira etterlatne, støtte til drift av Norges Fotograf forbund og Norsk Fotografisk Tidsskrift.

*Norsk illustrasjonsfond*

Styret blir valt av Tegnerforbundet.

Formål: Fremjing av norsk illustrasjonskunst, vesentleg gjennom stipendtildeling, driftsstøtte til Tegnerforbundet.

*Fondet for norske grafiske designerar*

Styret blir valt av Landsforeningen Norske Grafiske Designere.

Formål: Støtte til norske grafiske formgivarar, stipend, utdanningstiltak, utstillingar, fremjing av internasjonalt samarbeid, drift av landsforeininga.

*Vederlagsfondet for kunsthandverkarar*

Fondet fekk bibliotekvederlag for første gong i 1984.

Styret blir valt av foreininga Norske Kunsthåndverkere.

Formål: Fremjing av fagpolitisk arbeid og støtte til norske kunsthandverkarar. Ein tredel av midlane blir nytta til støtte til drift av foreininga Norske Kunsthåndverkere.

*Andre fond*

Ein del fond får inntektene frå avgifter fastsette med heimel i lov. Departementet fastset vedtekter og retningslinjer. For desse fonda gjeld det med unntak for Kassettavgiftsfondet og Utsmykkingsfondet for nye statsbygg følgjande:

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

- Fonda er oppretta med heimel i lov
- Formålet er fastsett i lov
- Styra er oppnemnde av Kongen
- Avgifta blir betalt direkte til fonda.

*Fond for utøvande kunstnarar*

Avgifta har heimel i lov om avgift på offentleg framføring av utøvande kunstnarars prestasjonar m.m. av 14. desember 1956 nr. 4. Det blir betalt avgift for framføring/overføring av opptak av utøvande kunstnarars prestasjonar. Departementet fastset avgifta innanfor maksimumssatsar fastsette av Kongen.

**Formål:** Støtte til norske utøvande kunstnarar, deira etterlatne og til fonogramprodusentar. Etter fast praksis blir det også gitt utdannings- og reisestipend, tilskott til konserter, undervisning o.l., og til orkester og musikarorganisasjonar.

Innbetalte avgifter kom i 1984 opp i om lag kr 7 915 000. Kongen avgjer kor mykje av innbetalte avgift som skal delast ut til fonogramprodusentar. Departementet har fastsett retningslinjer for bruk av pengane.

Opphavsretsutsvalet har i NOU 1983: 35, Endringer i åndsverkloven m.v., gjort framlegg om ein del endringar i fondslova av 14. desember 1956. Departementet vil i tillegg vurdere ein del andre sider ved fondsordninga. Ei ekspertutgreiing ligg føre hausten 1985, og vi reknar med å kunne leggje fram ein odelstingsproposisjon våren 1986.

*Det norske komponistfondet*

Avgifta har heimel i lov om avgift til Det norske komponistfondet av 9. april 1965 nr. 1. Avgiftspliktige er mellommenn som krev opp vederlag for opphavsmenn til musikkverk (TONO, NCB). Departementet fastset avgifta innanfor maksimumssatsar fastsette av Kongen. Innbetalte avgifter til fondet utgjorde i 1984 1,3 mill. kroner.

**Formål:** Støtte til norske komponistar, deira etterlatne og til andre formål til fremjing av norsk skapande tonekunst. Fondet støttar tin-

gingsverk til norske komponistar og til musikarorganisasjonar og -institusjonar.

*Hjelpefondet for biletkunstnarar*

Avgifta har heimel i lov om avgift på offentleg omsetjing av biletkunst av 4. november 1948 nr. 1. Det skal betalast ei avgift på 3 pst. av kjøpesummen ved all offentleg omsetning av biletkunst. Innbetalte avgifter utgjorde i 1984 om lag 3,4 mill. kroner.

**Formål:** Støtte til eldre kunstnarar og deira etterlatne, og i ein viss grad til yngre kunstnarar.

Fondsstyre er Billedkunstfaglig Sentralorganisasjon (tidlegare Bildende Kunstneres Styre) supplert med ein medlem oppnemnd av departementet.

*Norsk kassettavgiftsfond*

Avgifta har heimel i lov om særavgift på utstyr for opptak eller attgiving av lyd eller bilete av 12. juni 1981 nr. 69 og årlege stortingsvedtak. Det er lagt avgift på tomkassettar. Stortinget fastset storleiken på avgifta, som blir betalt til statskassa. Fondet fekk i 1984 7 mill. kroner over statsbudsjettet.

Fondet er oppretta 10. november 1982. Vedtekene er fastsette av departementet. Formålet med fondet er å gi nokre rettshavarar samla ei rimeleg godtgjering for lovleg kopiering til privat bruk.

Når det gjeld bruken av fondsmidlane, er det eit mål å fremje produksjon og sal av norske fonogram og videogram.

*Utsmykkingsfondet for nye statsbygg*

Fondet er oppretta med heimel i stortingsvedtak av 30. november 1976. Fondsmidlane blir løvvde over statsbudsjettet på grunnlag av omfanget av den statlege byggjeverksemda. Ordninga er kulturpolitisk grunngitt. Midlane skal nyttast til kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg.

Styret blir oppnemnt av departementet.

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

*Oversyn over fondsinntekter og status pr. 31. desember for dei siste tre åra*

	1982*		1983*		1984*	
	Inntekt	Status	Inntekt	Status	Inntekt	Status
Vederlagsfondet for komponistar .....	1 161 508	3 034 053	2 936 776	5 107 798	3 325 195	6 867 260
Norsk forfattar- og omsetjarfond .....	8 437 449	4 685 503	11 120 330	4 977 317	13 442 865	8 451 444
Norsk grafikarfond ..	245 762	143 616		259 105	312 975	564 015
Norsk kortfilmfond ..	578 555	752 877		826 218	601 241	431 900
Norsk faglitterært fond	3 232 190	3 018 680	8 108 102	8 266 396	9 326 517	11 106 301
Norsk fotografisk fond <sup>1)</sup>	210 196	402 491				
Fondet for norske fagfotografar .....	187 448	168 934		145 592	288 424	222 622
Norsk illustrasjonsfond	687 728	770 320		850 435	869 609	812 995
Fondet for norske grafiske designerar ....	382 242	288 082	1 015 921	628 742	1 624 790	1 399 408
Fondet for utsøvande kunstnarar .....	9 394 206	9 888 806	10 577 399	6 946 545	8 155 147	4 120 687
Det norske komponistfondet .....	1 161 185	1 640 219	1 223 605	1 881 287	1 346 173	1 987 153
Hjelpefondet for bilet-kunstnarar .....	2 967 231	3 958 068	2 873 903	4 177 243	3 398 003	4 759 304
Norsk kassettavgiftsfond .....			5 000 000		7 000 000	5 490 171
Utsmykkingsfondet for nye statsbygg .....	6 697 000	14 982 687		0 11 626 179	7 000 000	11 690 659
Til saman .....	35 342 700	43 734 336				

\* Tala viser rekneskapsmessig status. Eventuelle disponibele midlar pr. 31.12. kjem ikkje fram her.

<sup>1)</sup> Rekneskap for 1984 ikkje innsend.

Når tabellen viser nedgang i inntekt frå eit år til det neste, kan dette m.a. ha samanheng med at forhandlingane ikkje vart avslutta før året etter avtaleåret.

*Oversyn over løyvingane til bibliotekvederlag, kopieringsvederlag og kortfilmvederlag dei tre siste åra (rekneskap)*

	1982	1983	1984
Bibliotekvederlag .....	12 220 500	13 140 156	14 099 387
Kopieringsvederlag .....	5 241 000	13 077 242	15 468 830
Kortfilmvederlag .....	530 000	566 000	606 000

Merknad: Tabellen viser det som er utbetalt til fonda kvart år. Ein restsum vil ofte bli utbetalt året etter vederlagsåret.

## Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

**UTVALET FOR STATENS STIPEND OG  
GARANTIINNTEKTER FOR KUNSTNARAR**

Stipenda og garantiinntektene blir delt ut på grunnlag av innstillingar frå stipendkomiteane i dei ulike kunstnarorganisasjonane. Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar tek endeleg avgjerd.

Utvalet delte ut garantiinntekter til 26 nye kunstnarar i 1984. I åra 1977—83 fekk til saman 509 kunstnarar tildelt garantiinntekt. Av desse har 87 kunstnarar gått ut av ordninga på grunn av alderspensjon, dødsfall o.a. Det reelle talet på kunstnarar som hadde garantiinntekter pr. 31. desember 1984, er derfor 448. I alt fordele utvalet i 1984:

26 garantiinntekter
44 arbeidsstipend
206 reise- eller studiestipend
21 vikarstipend
47 etableringsstipend
27 materialstipend

Oversyn over kunstnarar som hadde statlege garantiinntekter eller stipend i 1982, 1983 og 1984 (her er det ikkje rekna med stipend som er delte ut av dei fonda som er nemnde ovenfor):

	1982	1983	1984
Kunstnarlønner .....	11	10	10
Æreslønn .....	1	1	1
Æresstipend .....		2	2
Garantiinntekter .....	430	441	448
Treårige arbeidsstipend ..	125	132	132
Reise- eller studiestipend	199	210	206
Vikarstipend .....	13	18	21
Etableringsstipend .....	56	61	47
Materialstipend .....	33	22	27
Stipend for eldre fortente kunstnarar .....	197	215	233
Til saman .....	1 065	1 112	1 127

Kunstnarlønnene og æreslønna er tildelte av Stortinget. Etter 1963 er det ikkje tildelt nye kunstnarlønner.

Stipenda for eldre fortente kunstnarar deler departementet ut etter tilråding frå Norges Kunstnerråd.

Kultur- og vitskapsdepartementet

**t i l r å r :**

Avtrykk av tilråding frå Kultur- og vitskapsdepartementet av 11. oktober 1985 om arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984 blir sendt Stortinget.

**Vedlegg 1****Norsk kulturråd/Norsk kulturfond — Årsmelding 1984**

Norsk kulturråd/Norsk kulturfond legg med dette fram si 20. årsmelding.

I første del dreg rådet fram nokre punkt frå verksemda. Rådet gav i den førre årsmeldinga ein særleg omtale av stønaden til kulturbygg. I denne årsmeldinga er det innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur som får spesiell omtale. Seinare år vil rådet gje andre område liknande breiare presentasjon.

I andre del følgjer ei meir detaljert og fullstendig framstilling. Til denne delen er vedlagt fråseigner, lister over tilskott, m.m.

I årsmeldinga for 1974 gjorde Kulturrådet

eit tilbakeblikk over dei første ti åra av arbeidet. Rådet gjev ikkje eit nytt ti-års oversyn i denne årsmeldinga, av di rådet samstundes gjev ut eit skrift om verksemda hittil og perspektiv framover, «Kultur og kulturpolitikk», som ligg ved årsmeldinga. Elles viser vi til oversyn som er nemnde nedanfor i samband med musikk- og litteraturarbeidet.

I ein tale ved utdelinga av æresprisen i desember 1984 summerte formannen i rådet opp arbeidet i rådsperioden 1981—84. Talen følgjer årsmeldinga som vedlegg.

**I. HOVUDTREKK OG PROBLEM VED VERKSEMDA**

Ved stortingsvedtak er det fastlagt at Norsk kulturråd og Norsk kulturfond i hovudsak skal arbeide med kunst og kulturvern i vid meinings. Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, men rådet skal også vere rådgjevande organ for statsmaktene i kulturpolitiske spørsmål.

**LØYVINGAR FRA NORSK KULTURFOND**

Innanfor den løyvinga som var gjeven for 1984, var det dette året vanskeleg å makte alle dei oppgåvane som Stortinget har lagt på fondet.

**1. Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur**

Den høgast prioriterte oppgåva var å halde oppe innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur, med automatisk innkjøp i samsvar med Stortingets føresetnader. På grunn av uvisse om kor langt økonomien kunne rekke, var det nødvendig å vente til hausten med å kjøpe inn bøker frå uorganiserte forlag. Gjennom ordninga for skjønnlitteratur som mest er skriven for vaksne, vart det i 1984 kjøpt inn netto 201 titlar til folkebiblioteka. Som i dei siste fire år var det ein mindre del lyrikk enn i dei første åra for ordninga, medan det var relativt fleire prosabøker. Samla titteltal var mykje lågare enn høgdepunktet 7—9 år tidlegare og lågare enn dei siste tre åra.

Gjennom innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker vart det i 1984 kjøpt inn 78 titlar til folkebiblio-

teka. (Dei endelige tala kan bli noko lågare.)

Kulturrådet har hatt eit eige utval som har sett på innkjøpsordningane. Med grunnlag i denne utgreiinga gjev rådet her ein breiare omtale av ordningane, delvis i form av utdrag frå utgreiinga.

**1.1 Situasjonen i 1965**

Målet for å skipe ei innkjøpsordning for skjønnlitteratur under Norsk kulturfond var å motverke nedgangen i talet på ny norsk skjønnlitteratur. — For å oppnå dette, og for at den statlege støtta kunne bli eit meiningsfullt tiltak for alle partar, var det ikkje nok å tryggje *forleggjarane* mot tap og på den måten stimulere dei til å gje ut kulturelt verdifulle, men kommersielt mindre interessante bøker. Den statlege støtta måtte først og fremst kome skjønnlitteraturens hovedredaktørar, *forfattarane*, og den same litteraturens brukarar og medaktørar, *lesarane*, til gode. Mellom desse hovudledda i det litterære krinslopet står eit litterært produksjons- og formidlingsapparat som er sett saman av fleire ledd. Det er forлага, bokhandlane, biblioteka og dei litteraturvitakaplege og litteraturkritiske institusjonane. Desse ledda er kostnadskrevjande, og fleire av dei inneber økonomisk risiko, men dei er heilt grunnleggjande føresetnader for å halde oppe ein original nasjonal litteratur. Den statlege støtta måtte òg ta omsyn til mellomledda om dei overordna mål skulle bli nådde. For å endre utviklinga på ein måte som omfatta alle sider ved det skjønnlitterære livet i Noreg, vart fire ideelle mål sette opp:

1. Betre det økonomiske grunnlaget for forfattarverksemد og sikre rekruttering av nye forfattarar.
2. Redusere prisnivået for bøker og dermed gjere skjønnlitteraturen konkurransedyktig på bokmarknadene.
3. Gje forleggjarane større tryggleik mot økonomisk tap på tungtselgjeleg litteratur.
4. Fremme lesing av ny norsk skjønnlitteratur ved å gjere den tilgjengeleg i alle folkebibliotek og gjennom sal til konkurranse-dyktige prisar.

Situasjonen for ny norsk skjønnlitteratur vart i 1964 vurdert som så trugande at dersom ein skulle ha von om å lykkast, måtte ordninga omfatte *all skjønnlitteratur*. Bøker som vart utgjevne på forlag som var medlemmer av dei to forleggjarorganisasjonane skulle kjøpast inn automatisk, og bøker på forlag utanfor dei to organisasjonane kunne kjøpast inn etter søknad direkte til Kulturrådet.

Stortinget vedtok innkjøpsordninga etter desse prinsippa for eitt år, 1965, og prolongerte seinare ordninga etter dei same prinsippa for 1966 og 1967, med etterhald om å få ei vurdering av verknadene etter tre års prøvedrift før ordninga på nytt skulle handsamast i Stortinget.

### *1.2 Det automatiske prinsippet*

som vart lagt til grunn for ordninga, var forankra i fleire omsyn:

- Omsynet til nasjonal kulturell identitet kravde så radikale tiltak at ein såg seg ikkje råd til å stengje ute nye forfattartalent som forlaga sjølv ønskte å sleppe fram.
- Forlaga skulle ikkje måtte avvise forfattarar av økonomiske omsyn.
- Biblioteka skulle kunne tilby samla årsproduksjon av ny norsk skjønnlitteratur til leesarane.

Det viktigste omsynet var likevel at ein ved ei automatisk statsfinansiert innkjøpsordning av ny norsk skjønnlitteratur ikkje ville utsetje seg for mistanke om statsdirigert bokutgjeving, i eit land der ytrings- og prentefridom blir sedde på som umiseselege verdiar. Den litterære kvaliteten på den innkjøpte litteraturen måtte vere ei tillitssak mellom forlaga og staten.

### *1.3 Gjennomføringa av ordninga*

Eit anna prinsipp som var sterkt framme under førebuinga av ordninga, var at ein ved

gjennomføringa skulle nytte eksisterande institusjonar som alt arbeidde i det litterære krinsløp, dvs. byggje på røynsle og verksemد som alt fanst i bransjen. Vidare skulle administrasjonskostnadene for denne særskilde ordninga reduserast til eit minimum.

Frå starten i 1965 er innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur (og frå 1977 innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker) blitt gjennomført etter desse hovudtrekka. Dei endringane og justeringane som er komne til i den tida ordninga har verka, har ikkje brote med hovudtrekka.

Den praktiske gjennomføringa av sjølv ordninga skjer i dag ved samarbeid mellom Norsk kulturråd ved Det faglege utvalet for litteratur og allmenne tidsskrift, dei sakkunige litterære råda i *Den norske Forfatterforening* og *Ungdomslitteraturens Forfatterlag*, A/L Biblioteksentralen, Statens bibliotektilsyns administrasjon og dei rådgjevande utvala for folke- og skolebiblioteka. For klassifikasjon av bøker under ordninga nyttar ein Norsk Bokfortegnelse som blir utarbeidd av Universitetsbiblioteket i Oslo. Norske avdeling. Bøkene blir stilte til disposisjon for brukarane/lesarane i folkebiblioteka i heile landet. Dei einskilde *forlaga* er sjølvsgåt og med i samarbeidet om gjennomføringa.

### *1.4 Avtalane*

Gjennomføringa av ordningane skjer etter avtalar mellom dei to forleggjarorganisasjonane, dei to forfattarorganisasjonane og Norsk kulturråd. Det dreier seg om to ulike avtalar, ei for kvar ordning, der partane kvar for seg pliktar å oppfylle sin del.

Under prøveperioden 1965—1968 var det inga økonomisk avgrensing av ordninga. Innkjøpsordninga fekk status som permanent ordning i 1969. Frå dette året tok avtalen med eit punkt der Kulturrådet reserverer seg rett til å gjere justeringar i ordninga av økonomiske omsyn eller når andre omsyn krev det.

### *1.5 Kostnadene*

I samsvar med Stortingets pålegg om at ordningene skal følgjast nøyne, er det i samråd med avtalepartane gjennomført ei rad endringer og justeringar, ofte av budsjettomsyn. Tabellen nedanfor, med oversyn over titteltal og kostnader frå år til år, viser at dei mange forsøka på å halde kostnadene til ordningane nede, ikkje har gjeve store utslag, men at dei likevel kan seiast å ha hatt ein viss utjamnande effekt.

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

*Utviklinga av dei to ordningane m.o.t. påmelding, utsending, etterhandsaming og kostnader*

## Skjønnlitteratur for vaksne

	Påmeldt	Utsendt	Underkjent	Godkjent	Kostnader	Merknader
1965 .....	142	124			2 383 776	
1966 .....	175	148			2 790 160	
1967 .....	145	127		123	2 286 705	
1968 .....	175	152			2 950 269	
1969 .....	154	140			2 902 326	
1970 .....	165	158			3 415 093	
1971 .....	168	158		157	4 007 021	
1972 .....	178	163		162	4 329 892	
1973 .....	209	189		188	5 055 201	
1974 .....	187	167		167	(5 559 097)	
					4 400 000	Tak på
1975 .....	208	173		171	(5 944 000)	ordninga
					5 700 000	
1976 .....	264	250	9	231	8 936 954	
1977 .....	282	252	41	252	10 839 596	
1978 .....	284	242	9	239	12 534 724	
1979 .....	266	249	33	212	11 559 424	
1980 .....	219	201	19	196	12 801 241	
1981 .....	244	233	34	207	14 932 496	
1982 .....	241	234	29	215	15 568 846	80 % utbet.
1983 .....	228	213	19	207	18 017 984	
1984 .....		201			18 057 326	

## Skjønnlitteratur for barn og ungdom

	Påmeldt	Utsendt	Underkjent	Godkjent	Kostnader	Merknader
1965 .....					48 000	
1966 .....		24		24	195 000	Innkjøp av førre
1967 .....		31		31	198 000	års godkjende
1968 .....		29		29	205 000	bøker. Ein
1969 .....		32		32	250 000	honorarbonus
1970 .....		36		36	305 614	pr. forfattar
1971 .....		36		36	293 696	utan omsyn til
1972 .....		32		32	271 759	talet på bøker
1973 .....		26		26	256 683	innkjøpt
1974 .....		43		43	426 918	(500 eks.)
1975 .....		43		43	465 000	
1976 .....		51		51	598 949	
		64		64		
1977 .....		70	3	70	1 943 877	Overgangsår
1978 .....	89	87	4	85	2 873 300	
1979 .....	86	83	1	82	3 189 563	
1980 .....	85	81	9	74	3 446 463	
1981 .....	82	77	4	75	3 836 442	
1982 .....	77	74	13	67	4 833 472	
1983 .....	91	82	6	77	5 270 463	
1984 .....		78	7		5 926 327	

Om ein ser på kostnadene til innkjøpsordningane som del av samla kulturfondsbudsjett rekna i prosent, blir tala slik:

*Kostnadene til innkjøpsordningane i prosent av samla kulturfondsbudsjett*

	I alt	Voksen skjønnlitteratur	Barne- og ungdomslitteratur
1965 . . . . .	24,32	23,84	0,48
1966 . . . . .	19,83	18,53	1,3
1967 . . . . .	15,06	13,86	1,2
1968 . . . . .	17,53	16,39	1,14
1969 . . . . .	15,76	14,51	1,25
1970 . . . . .	17,72	16,26	1,46
1971 . . . . .	18,3	17,05	1,25
1972 . . . . .	19,59	18,43	1,16
1973 . . . . .	21,12	20,1	1,02
1974 . . . . .	17,88	16,3	1,58
1975 . . . . .	20,55	19	1,55
1976 . . . . .	28,05	26,29	1,76
1977 . . . . .	33,2	28,15	5,05
1978 . . . . .	35,83	29,15	6,68
1979 . . . . .	30,85	24,18	6,67
1980 . . . . .	31,12	24,52	6,6
1981 . . . . .	33,76	26,86	6,9
1982 . . . . .	31,88	24,33	7,55
1983 . . . . .	34,47	26,37	8,1
1984 . . . . .	33,98	25,58	8,4

For innkjøpsordningane, som er avtalefesta, har det hittil vore vanskeleg for Kulturrådet å ha kontroll med kostnadene. All anna verksmed i rådet må over tid dekkjast av dei midlar som står att når dei to innkjøpsordningane har fått det dei treng, elles samlar det seg opp eit «etterslep» og fondet får vanskar med likviditeten.

### 1.6 Situasjonen 1965—1984

Figur 1—4 viser nokre utviklingstrekk i perioden 1965—1984:

Innkjøpsordninga er blitt grundig debattert kvart år ved budsjettdelinga for fondet. Trass i den økonomiske situasjonen har rådet sluttat opp om ordninga i heile perioden, og vedtok i 1976 jamvel å utvide ordninga til å gjelde nye norske barne- og ungdomsbøker også. Jf. tabellen ovanfor.

Grunnen til dette er — ved sida av at retningslinene set innkjøpsordninga i ei særstilling — at behovet for støtte til ny norsk skjønnlitteratur har endra seg lite i perioden. Stort sett er situasjonen status quo frå 1965, bortsett frå eit lite oppsving i 70-åra:

— Forлага har inga anna støtteordning å vende seg til for utgjeving av ny norsk skjønnlitteratur

### Genrefordeling

Innkjøpsordningane for

norsk skjønnlitteratur.

Talet på publikasjonar som  
er kjøpte inn.


I Voksen litt. prosa

II Voksen litt. lyrikk

III Voksen litt. skodespel

IV = I + II + III

V Litt. for barn og ungdom



Figur 1

— Vilkåra til forfattarane har betra seg noko med statlege garantiinntekter, bibliotek- og kopieringsvederlag, men desse åtgjerdene gjev knapt forfattarane rimeleg vederlag for offentleg bruk og kopiering av verka deira

— Biblioteka har opplevd stagnasjon på budsjettet. Dette gjekk ut over bokinnkjøp og opningstider slik at tilgangen på ny litteratur og høve til å låne bøker vart dårlegare for publikum

Storleiken på kulturfondsløyvinga blir kvart år fastsett av Stortinget. Kulturrådet gjev i budsjettetknadene detaljerte og grunngjenvne oversyn over kor stor løyvinga bør vere, etter realistiske prognosar for kva kostnadene vil bli for dei oppgåvane rådet har ansvar for.


Røynsle syner at kulturfondsløyvinga alltid blir lågare enn det rådet søker.

Statleg støtte til å halde ved lag ein kontinuerleg skjønnlitteratur for vaksne og barn og ungdom er framleis i hovudsak Kulturrådets eineansvar.

Skipinga av Norsk kulturfond var eit uttrykk for at samfunnet aksepterte som offentleg ansvar å legge tilhøva til rette for vokster i den norske skjønnlitteraturen. Ordninga er

*Innkjøpsordningane for norsk skjønnlitteratur*


Otgifter pr. innkjøpt bok —————  
 Utgifter pr. innkjøpt bok. Deflaterte priser ————  
 I Vaksenlitteratur  
 II Vaksenlitteratur, deflatert  
 III Litteratur for barn og ungdom  
 IV Litteratur for barn og ungdom, deflatert



Figur 2

*Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur*


Kostnader —————  
 Kostnader, deflaterte ———— (1970 = 100)



Figur 3

*Tal på nyutgåver*

I Norske romanar —————  
 II Norske noveller og forteljinger ————  
 III Utanlandske romanar ————  
 IV Utanlandske noveller og forteljinger ————



Figur 4

et uttrykk for at ein innser at denne voksteren ikkje kan tryggjast gjennom marknadsmekanismar åleine — til det er den norske bokmarknaden rett og slett for liten.

Såleis er innkjøpsordninga også ein radikal freisnad på løysing av dei problem som alltid vil vere til stades innanfor litteraturområdet i eit lite språksamfunn — for vårt lands vedkomande kjem sjølv sagt også språkklovinga inn som eit tilleggsproblem i bokomsetninga.

I ára sidan opprettinga av innkjøpsordninga har det vore vokster i norsk skjønnlitteratur: Viktigast er kanskje den store breidda i generar, i form og tematikk, sjølv om auken i talet på utgjevingar er det resultatet som er lettast å få auga på. At det frå tid til anna har vore hevda at utgjevingsvolumet er blitt i største laget, at det har kome ut bøker med diskabel litterær kvalitet, og at konsulenttenesta ved visse forlag er for svak og slepphendt, kan ikkje rikke ved dette grunnleggjande faktum.

På svært mange måtar er den norske litteraturen livskraftig — om ein vurderer reint litterært, men også målt i menneskeleg og samfunnsmessig verdi.

Etter rådets mening er *breidd og mangfold* i den litterære skapinga og utgjevinga sentrale verdiar å leggje til grunn for ein litteraturpolitikk. Etter tjue års erfaring med innkjøpsordninga kan rådet slå fast at ordninga har spela ei heilt avgjerande rolle for styrkinga av nettopp desse kvalitetane. Innkjøpsordninga er, på offentleg nivå, ei av dei få — og utan samanlikning den viktigaste — motkrafta ein i vårt land har sett inn mot dei ulike tendensane til einsretting. Og nettopp einsretting er eit av dei klaraste symptomata på forfall i ein litterær kultur.

Det er ikkje rimeleg å sjå innkjøpsordninga først og fremst som ei særstøtte til forlaga og forfattarane. Heller bør ein definere ordninga som eit tiltak der utgangspunktet er dei sær-eigne tilhova på bookmarknaden i eit lite og språkkløyvd samfunn, saman med ønske om å bevare og utvikle ein mest mogeleg mang-faldig litterær kultur. Slik sett må ein rekle ordninga som ein innsats for samfunnets fellesverdiar, for så vidt også som ei «lesar-støtte» — både fordi den sikrar at bøker blir utgjevne som kan kome dei lesarane til gode som har litterære ønskjemål utanfor «main-stream-litteraturen», og fordi den sikrar lånarane ved dei aller fleste bibliotek over heile landet lik tilgang til fullstendige sett av kvart års skjønnlitterære produksjon, uavhengig av lokal økonomi og andre variasjonar.

For totaløkonomien for norske forlag har innkjøpsordninga relativt liten verknad, om lag 1 pst. i gjennomsnitt, medan den er heilt sentral om ein isolerer dei skjønnlitterære bokgruppene.

Oversynet ovanfor er som nemnt basert på ei utgreiing om dei to innkjøpsordningane. Utgreiinga følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

### 1.7 Kulturrådets vurdering 1984

Norsk kulturråd drøfta utgreiinga 2.11.1984, etter ein høyringsrunde. Rådet gjorde dette vedtaket:

«Rådet slutter seg i alt vesentlig og i hoved-sak til de forslag som er fremmet av Utvalget for de to innkjøpsordningene for skjønnlitte-ratur. De enkelte forslag vil måtte ses i bud-sjettmessig sammenheng.

Rådet går dessuten inn for at innkjøpsordninga prinsipielt forbedres på enkelte punkt, som seinere vil måtte vurderes bl.a. i budsjettssammenheng:

1. Antall eksemplarer av hver bok som kommer med på ordningene søkes økt fra 1 000 til 1 400. Utvidelsen bør først og fremst komme forfatterne til gode både i form av bedre markedsføring av bøkene, manusbear-beiding i forlaget og økte honorar. Skulle innkjøpsordningene bli utvidet, vil rådet ta opp med partene om den økte resursinnsatsen spe-

sielt kan komme de forfattere til gode som ikke nyter godt av statlige garantiinntekter o.l. (Vedteke mot ei stemme.)

2. Kulturrådet tar opp med Bibliotektilsy-net/Biblioteksentralen ajourføring av motta-kleristene og rasjonalisering av distribusjonen av bøkene til bibliotekene slik at de nye bøkene når raskt ut til leserne og med tilstrekkelig informasjonsmateriale til bibliotekene.

3. Antall medlemmer i ankenemndene redu-seres fra seks til fem.

4. Som en foreløpig prøveordning søkes innkjøpsordningen utvidet m.h.t. genre slik at verdifull essayistikk kommer med.

5. Kulturrådet inngår et samarbeid med Landslaget for norskundervisning og støtter lagets virksomhet.

6. Norsk kulturråd søker opprettet som en prøveordning over tre år en støtteordning for utgivelse av norske kvalitetsbilligbøker i sam-svar med det skisserte forslag. Den foreløpige økonomiske rammen settes til støtte til 10 tit-ler årlig med et stipulert gjennomsnittlig støt-tebehov på kr 30 000 pr. tittel.

7. Kulturrådet tar initiativ til å prøve å få trukket igang fellesutgivelser av tidsskrift/antologi med ny lyrikk og prosa, der flere interesserer går sammen om redaksjon og finansiering.

Kulturrådet avventer virkningene av prøve-ordningen med innkjøp til arkpris før spørsmålet om andre former for prisovervåking vurderes.

Kulturrådet tar initiativ til en drøfting av forlagenes behandling av manuskript, i første omgang ved å henstille til forleggerforeningene å be medlemsforlagene redegjøre for sine rutiner og behandle spørsmålet, i neste om-gang ved eventuelt å holde en konferanse om emnet der også forfattere, kritikere, anke-nemnder og rådgivende utvalg deltar.

Kulturrådet ser klart behovet for at bokens stilling i det moderne mediesamfunn blir tatt opp til utredning og viser i den sammenheng til forslag fra en rekke hold om at det bør oppnevnes et eget utredningsutvalg. Kulturrådet vil imidlertid for sin del peke på at dette tema forutsettes å bli en vesentlig del av den utredning rådet har tatt initiativ til vedrør-ende faglitteratur og at arbeidet nettopp med dette punkt er i gang.»

### 2. Andre løyvingar

Kostnadene til dei to innkjøpsordningane vart for 1984 vurderte til 26,65 mill. kroner. Etter som den samla løyvinga til bruk for Norsk kulturfond 1984 var 68 mill. kroner, kunne andre tiltak få inntil 41,35 mill. kroner. Av dette vart 3,4 mill. kroner sett av til utgreiingar og publikasjonar og til ein del av dei administrative kostnadene rådet/fondet har. Til fordeling på søknader til Norsk kulturfond var det dermed i 1984 37,95 mill. kroner. Dette året kom det inn 1 363 søknader, — 994 av dei med søknadssum. I alt vart det søkt om vel 95 mill. kroner. (Søknadstala omfattar ikkje ordningar som rådet forvaltar utan søknad og søknader til materialfonda.)

### 2.1 Litteratur utanom innkjøpsordningane

Medan om lag 280 titlar vart støtta gjennom innkjøpsordningane i 1984, vart 193 andre einskildutgjevingar støtta på annan måte av Kulturfondet.

Søknadene til *omsett litteratur* har halde seg på om lag same nivå som tidlegare. Medan dei større forlaga har skore ned på talet på omsetjingar, er mindre forlag komne til i staden. Den omsette barneboka er likevel i ein særskilt kritisk situasjon, og rådet vil følgje utviklinga nøyne.

*Dramatikarane* har ikkje vore heilt nøgde med korleis korttidsengasjementa har verka, og har drøfta dette med rådet. Rådet opna i 1984 for ei utviding av ordninga til engasjement i inntil seks månader i særskilde høve. Til skodespel som samiske teaterarbeidarar ønskjer omsette til samisk, kan det òg søkjast tilskott til sjølv omsetjinga frå 1984 av. Korleis avsetjinga til ny norsk dramatikk best kan nyttast, vil bli drøfta med dramatikarar og teaterleiinga også i tida framover.

Etter ein nedgang i *utgjevinga av eldre norsk litteratur* er denne delen av forlagsverksemda i oppgang igjen. Dette er rådet glad for mellom anna på bakgrunn av Norskommisjonens utgreiing om styrking av norskfaget i undervisninga i skolen, som rådet stødde i ei fråsegn (NOU 1984: 16). Det vart i 1984 utarbeidd ei samanlikning mellom planane som rådet i si tid la for utgjevingar av klassiske litterære verk og dei bøkene som var utgjevne 1965—84. Oversynet som følgjer årsmeldinga som vedlegg, viser at støtta frå Kulturrådet har vore viktig.

*Essaylitteraturen* ligg noko nærliggande flatt frå året før. Denne litteraturgenren er i vokster, men den støtte rådet kan gje, er knapt dekkjande for det potensial som no finst. Vi viser til rådsvedtak om dette i omtalen av innkjøpsordningane ovanfor.

Det har vore ein sterk oppgang i utgjevinga av *kunstnarleg illustrerte barnebøker*, så stor at rådet av pengemangel såg seg nøydd til å utsetje handsaminga av fleire søknader til 1985. Det er òg kome fart i utgjevinga av *kunstnarleg illustrerte fagbøker* for barn. Barneblada slit med svak økonomi. Kulturrådet vil arbeide vidare med dette. Ei barnebokveke som var planlagd for 1984, vart utsett til 1985.

Talet på *nynorskutgjevingar* gjekk ned frå året før. Dei småforlaga som gjev ut nynorsk litteratur, gjev korkje konkurranse eller avlasting for Det Norske Samlaget, som blir åleine om å bere hovudansvaret for breidda i utgjevingar på nynorsk i Noreg.

Interessa for å gje ut *norsk litteratur i om-*

*setjing* er òg aukande. Til no har søknadene frå utanlandske forlag vore til halvparten eldre norsk litteratur og halvparten samtidslitteratur.

Etter ønske frå Stortingets kyrkje- og undervisningskomité (Budsjett-innst. S. nr. 12 for 1983—84) starta rådet i 1984 ei utgreiing om korleis norsk faglitteratur kan få støtte.

### 2.2 Tidsskrift

Nedlegginga og omlegginga av tidsskrift heldt fram i 1984. Nye tidsskrift lever ikkje lenge, og sjølv blant dei eldste og mest etablerte rår stor uro over den økonomiske situasjonen. Kulturrådet har med løyvingane sine berre i liten mon kunna hjelpe til, då kostnadene ved utgjeving stadig aukar. Etter at nye retningsliner vart tekne i bruk i 1984, måtte rådet avslå nokre fleire søknader enn tidlegare. Men gjennomsnittsøyvinga til kvart einskilt tidsskrift vart ikkje vesentleg høgare i forhold til kostnadene.

### 2.3 Musikk

Om lag halvdelen av avsetjinga til musikkforemål i 1984 vart nytta til ulike forsøksordningar, større tiltak og årvisse avsetjingar til utgjeving av norsk musikk på plater og notar. Den andre halvdelen vart fordelt på ei lang rad ulike tiltak etter søknad. Ut frå den praksis som er etablert dei seinare åra, har denne fordelinga fått karakter av tilnærma faste stønadsordningar.

1984 var siste året med tilskott til forsøket med profesjonelle musikagrupper. Likeins tok forsøket med komponist- og dirigentstipendiatstillingar ved to distriktskonservatorium slutt i 1984. Begge forsøka har synt gode resultat, og fylkesmusikagruppene er no finansierte av kommunar og fylke, medan komponist- og dirigentstipendiatane vil bli dekte over statsbudsjettet.

Forsøket i Gloppen kommune med utvikling av særskilde musikktilbod til funksjonshemma, er om lag halvvegs, og det har til no gjeve gode røynsler.

Arbeidet med katalogisering av den omfattande lydsamlinga etter Bauer og Müller er også kome godt i gang etter løyvingar frå Kulturrådet, og om få år reknar ein med at heile samlinga vil kunne nyttast av musikkforskarar, studentar og andre. Samlinga vil etter planen bli ein viktig del av Norsk Lydarxiv.

Avsetjinga til fordeling på ulike einskild-tiltak kunne gjerne ha vore større også i 1984. Mange søknader om løyvingar til t.d. tingingsverk, LP-utgjevingar og ikkje minst konsertverksemde vart avslåtte av budsjettmessige år-

saker. Etter oppmoding frå departementet gav Norsk kulturråd også i 1984 tilskott til Det Norske Kammerorkester, Ny Musikks Ensemble og Ungdomssymfonikarane. Tilskott til desse orkestra er no gjeve tre år på rad, trass i grunnprinsippet om ikkje å gje årvisse tilskott til same føremål og same mottakar (med unnatak for forsøksordninga o.l.).

På grunnlag av Statens Musikkråds og Norsk kulturråds utgreiing om mangelen på instrumentmakarar i Noreg har Kulturrådet sagt seg villig til å stø etablering av nokre få, velkvalifiserte instrumentmakarar, norske eller utanlandske, som på visse vilkår også tek inn lærlingar for å sikre ny rekruttering i faget. Kulturrådet har i 1984 alt gjeve den første løyvinga til ei slik etablering. Rådet har også bede om å få fiolinmakarfaget inn under lærlingordninga.

Eit samla oversyn over musikkverk som har blitt tinga av Kulturrådet sidan starten, «Bestillingsverk 1965—82», vart utgjeve i 1984. Skriftet følgjer årsmeldinga som vedlegg.

Rådet vedtok i 1984 ein plan for vidare utgjeving av plater i «Klassikerserien» slik at serien kjem opp i vel 80 plater.

#### 2.4 Biletkunst og kunsthåndverk

I 1984 var ein stor del av avsetjinga til bilet-kunst og kunsthåndverk knytt til etter måten faste støtteordningar. Tilskotta til kunstnar-sentra og til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg tok godt over halve avsetjinga, og i tillegg kom innkjøp av samtidskunst og stønadsordningar for debutantar og for utstyr.

Då prøvetida for kunstnarcentra gjekk ut for fleire år sidan, skulle stønaden frå Norsk kulturfond etter retningslinene halde opp. Særlege tilhøve har ført til at Stortinget frå år til år har sett vidare stønad til sentra som ein føresetnad for kulturrådsløyvinga. I 1984 tok denne stønaden nesten ein firedel av avsetjinga til bilet-kunst og kunsthåndverk. Norsk kulturråd ser positivt på den verksemda kunstnarcentra driv, men det er i strid med dei generelle retningslinene å gje etablerte senter driftsstønad i ei årrekke. Rådet kunne heller ønskt å gje stønad til særskilde prosjekt i samband med formidlingsverksemda til sentra. I fleire år har rådet måttet avslå søknader om prøvedriftsstønad til dei kunstnarcentra som etter kvart er skipa på Sørlandet og i Buskerud, Hedmark, Sogn og Fjordane og Vestfold. Rådet har måttet vise til at det ikkje kan gje prøvedriftsstønad til andre kunstnarcenter så lenge den framtidige finansieringsordninga for kunstnarcentra ikkje er avklart.

Rådets stønad til kunstnarleg utsmykking

ov offentlege bygg går som tilskott til fylkeskommunale og kommunale utsmykkingstiltak. Kulturrådet har i tillegg ansvaret for utsmykking av statsbygg frå før 1978, og då dekkjer rådet utsmykkingskostnadene fullt ut når først ein søknad er innvilga. Men innan avsetjingsramma er det få slike søknader som kan innvilgast.

Rådet har i 1984 kjøpt inn norsk samtidskunst og kunsthåndverk frå utstillingar over heile landet, ved hjelp av ein innkjøpskomité med eit nett av distriktskontaktar. I perioden 1965—84 er det kjøpt inn nærare 2 500 kunstverk. Kunstverka er til no stort sett nytta til utsmykking av samfunnshus og andre offentlege bygg. Rådet har lenge ønskt å nytte innkjøpte kunstverk til å hjelpe til å byggje ut representative kunstsamlingar rundt om i landet. Men rådet har venta på ei avklaring av om det skal skipast fylkesgalleri. Denne avklaringa går rådet ut frå vil kome når Stortinget handsamar det standpunktet regjeringa la fram hausten 1983. Dinest vil Norsk kulturråd ta opp spørsmålet om korleis dei innkjøpte kunstverka skal nyttast.

Stønadsordningane for biletkunstnarar og kunsthåndverkarar har etter måten stor søknad. Det ser ut til at utstyrsstønad er noko viktigare enn debutantstønad.

Norsk kulturråd vedtok i 1984 å gje stønad til treårig prøvedrift av ein artotekentral i tilknyting til folkebibliotek og sjukehusbibliotek seks stader i landet.

#### 2.5 Kulturvern

Innanfor kulturvernombordet måtte i 1984 om lag halvparten av søknadene avslåast. Samstundes pressar nye behov på. Norsk kulturråd tok i 1984 for seg kulturvernoppgåver der det offentlege ansvaret ikkje er klart definert. I samråd med Riksantikvaren/Miljøverndepartementet vedtok rådet i 1984 å leggje frå seg ansvaret for alle freda hus og anlegg og elles alle kulturminne som er under lovvern. Samarbeidet med Miljøverndepartementet om å ta vare på verneverdige farty heldt fram i 1984.

Kulturrådet har i dette året prioritert arbeidet med tekniske kulturminne, der eit eige utgreiingsutval er i arbeid, større miljøvernprosjekt, «vern gjennom bruk» og lokalhistoriske tiltak. Ei utgreiing om lokalhistoriske samlingar som vart ferdig i 1984, gjev rådet grunnlag for vidare arbeid i åra som kjem.

Mange tilskott er gjevne til musea, og rådet gav dessutan tilråding om bruk av ekstraordinære sysselsettjingsmidlar til museumsformål.

Det er i dag ofte vanskeleg å skilje reine museumstiltak og andre kulturverntiltak. Sett frå Norsk kulturråds synsstad ville det være

ein fordel om alle kulturvernsøknader kunne bli vurderte under eitt.

### 2.6 Samisk kultur

Talet på søknader om tilskott til samiske kulturtiltak viste ein stor auke i 1984. I alle dei tre samiske språkområda er aktive sameforeiningar i arbeid, og kjennskapen til Kulturfondet synest å ha spreidd seg. Likevel ønskjer Kulturrådets samiske kulturutval å halde fram med si oppsøkande verksemd i form av opne informasjonsmøte i område som tradisjonelt ikkje har vore tenkte på som samiske.

Arbeidet med å betre distribusjonen av samisk litteratur heldt fram i 1984, og etter initiativ frå Norsk kulturråd løyvde Nordisk kulturfond d.kr 150 000 til oppstarting av ei prøveordning med innkjøp av samisk litteratur. Tanken er at bøkene skal sendast ut gratis til skolar, bibliotek og ulike institusjonar i område med samisk busetting i Finland, Noreg og Sverige. Ein tek sikte på å kome i gang andre halvår 1985.

Norsk kulturråd tilsette i 1984 ein samisk musikkonsulent, førebels for eitt år. Det er teke kontakt med Rikskonsertane i Noreg og Sverige om ein felles samisk musikkturné, og arbeidet i den samiske musikkarorganisasjonen er i god framgang.

Det var avsetjinga til samisk biletkunst og kunsthandverk som best fekk merke den store auken i talet på søknader. Ordninga med utsmykking av offentlege bygg og innkjøp av samisk samtidskunst synest no vere betre kjend enn før. Nye media har funne sin plass innanfor det samiske kulturbiletet. Søknader om tilskott til drift av samiske nærradioar og til videoprosjekt kjem no inn til Kulturfondet.

### 2.7 Kulturbygg

I årsmeldinga for 1983 gav Kulturrådet ei oversikt over arbeidet med kulturbyggsaker i perioden 1965—83 og perspektiva framover. Situasjonen var like vanskeleg i 1984 som året før. Til 35 søknader med samla søknadssum 33 mill. kroner kunne rådet berre gje 700 000 kroner i 1984 og mindre tilsegner for 1985. Nokre av prosjekta fekk tilskott av ekstrordinære sysselsetjingsmidlar etter tilråding frå Norsk kulturråd. Mange fleire av prosjekta var så ferdig planlagde at eit tilskott ville gjeve byggjeverksemd alt i 1984 og 1985. Av desse søknadene kom mange frå distrikt med sysselsetjingsproblem.

### 2.8 Andre føremål

Den handlefridom som Norsk kulturråd var meint å skulle ha, har dei seinare ára vorte

stadig mindre ved at faste tilskottsordningar bind store delar av midlane til Norsk kulturfond. Disposisjonspostar, og især avsetjinga til posten Andre føremål, prøver rådet å gjere så romslege som råd er, for på det viset å sikre ein viss fridom når det gjeld disponeringa av Kulturfondsmidlane. Problemet med faste tilskottsordningar som bind opp store delar av fondet, er grundig omtala i utgreiinga frå Organisasjonsutvalet (sjå nedanfor).

Rådet legg vekt på at det er disposisjonspostane som gjer det mogeleg å avdekke nye idear og tiltak som kan fortene stønad, noko som er i tråd med hovudføremålet med Norsk kulturfond. Mange av dei søknadene som Norsk kulturråd får, fell utanom dei etablerte kategoriane og tilskottsordningane. I mange høve er det nettopp desse søknadene som ber i seg interessante, spanande og viktige tankar som bør kunne prøvast ut i praksis. Det kan t.d. vere uventa behov som blir avdekte, interessante forsøksverksemder, utradisjonelle samarbeidsformer, idear som veks fram på grunnlag av røynsler frå praktisk kulturarbeid i lokalsamfunna, osv.

Dersom Norsk kulturråd skal kunne fylle sine oppgåver, må det vere økonomisk i stand til å fange opp slike nye tankar og tiltak, anten dei melder seg i form av søknader utanfrå, som framlegg frå rådsmedlem eller på initiativ frå rådets administrasjon. Posten Andre føremål må vere så sterkt at rådets handlefridom til å ta eigne initiativ ikkje berre blir halden oppe, men blir utvida. Dei økonomiske ressursane må vere så romslege at rådet kan våge å satse også der det er uviss om resultatet blir vellykka. Rådet ser det slik at å kunne gje denne typen løyvingar, er det som på noko lengre sikt gjer det meiningsfylt å ha Norsk kulturfond. Det er derfor viktig at disposisjonspostane innan dei einskilde fagområda og posten Andre føremål blir haldne oppe og helst styrkte.

Av løyvingane frå Andre føremål i 1984 kan nemnast tilskottet til Nord-Trøndelag Teaterverkstad, som m.a. tek sikte på å auke kontakten og samarbeidet mellom amatørteater og profesjonelt teater. Forsøket vil etter planen halde fram ut 1985, med tilskott frå Kulturfondet.

Fra 1984 blir det også gjeve tilskott til eit tre-årig forsøk med teater for, om og med born i Hordaland. Prosjektet blir administrert av fylkesadministrasjonen i Hordaland. Vida-re er det gjeve tilskott til gjennomføring av ulike barne- og ungdomsteaterfestivalar.

Fra same posten er det også gjeve tilskott til start og provedrift av eit samisk kultursenter i Hattfjelldal.

Tidsskriftet «Kulturnytt» er også i 1984 finansiert av Norsk kulturfond. Eit utval gjorde i løpet av året ei vurdering av bladet og drifta framover og kom med framlegg om endringar i redaksjonsform og administrasjon. Rådet tok ikkje endeleg stilling til framlegga, men utvida prøveperioden med eitt år til slutten av 1985.

For å sikre at Militærhospitalet kunne gjenreisast, gjorde Norsk kulturråd i 1981 vedtak om å stille husleigegaranti for drifta. Denne garantien vart aktuell også i 1984.

#### ANNAN VERKSEMD I NORSK KULTURRAD

Norsk kulturråds Ærespris vart i 1984 tildelt Helge Sivertsen. Omsetjarprisen vart tildelt Albert Lange Fliflet.

Norsk kulturråd gav i 1984 fråseigner om mange offentlege utgreningar. Dessutan tok rådet initiativ i mange saker. Særleg vil rådet peike på tiltak for samisk kultur.

Etter invitasjon frå Stortingets kommunalkomité orienterte rådet komiteen om korleis rådet vurderte framlegga om nytt inntektssystem for kommunane og fylkeskommunane (St. meld. nr. 26 for 1983—84).

Med utgangspunkt i dei to stortingsmeldingane om kulturpolitikk i 1980-åra som låg til drøfting i Stortinget (St.meld. nr. 23 for 1981—82 og St.meld. nr. 27 for 1983—84), bad rådet om at løyvinga til Norsk kulturfond i 1985 skulle bli om lag 92 mill. kroner (mot løyvinga på 68 mill. kroner i 1984), med særleg vekt på kulturygg, samisk kultur og kulturturvern.

Fleire av rådets eigne utgreningar vart sluttførte i 1984. I eigne avsnitt i årsmeldinga er nemnt utgreingane om lokalhistoriske samlingar, om gamle orgel, om mangelen på instrumentmakalar, om innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og om «Kulturnytt».

Kulturrådet har arbeidd vidare med sysselsetting i kultursektoren. Rådet gav i juni tilråding til Kultur- og vitrapsdepartementet om bruken av ekstraordinære sysselsettjingsmidlar til museumsføremål. I ei fråsegn om opningstider nemnde Kulturrådet at utvida opningstid ved kulturinstitusjonane kunne gje arbeid for mange. Rådet står eit prosjekt om kultur og sysselsetting, og var med på ein konferanse om dette i desember.

Rådet har brukt tid til å drøfte sitt eige arbeid, gjennom eit internt organisasjonsutval. Utvalet vart oppnemnt i 1981, og det la sommaren 1984 fram innstillinga si om arbeidsmåtar og løyvingspolitikk for Kulturrådet.

Etter høyring i utval under rådet vart innstillinga drøfta i to rådsmøte.

I november vedtok rådet mellom anna:

— «Rådet anmoder om at Kultur- og vitrapsdepartementet utarbeider en egen melding til Stortinget om rådgivning m.m. i kultursaker.»

Til dette svara Kultur- og vitrapsdepartementet:

«Departementet viser til det som er sagt i St.meld. nr. 23 for 1981—82 Kulturpolitikk i 1980-åra, under pkt. 5.5.3 Rådgivande organ. Departementet vil nå avvente Stortingets behandling av meldingen. Kulturrådets forslag vil deretter bli vurdert på dette grunnlaget.»

— «Rådet fastholder at rådets årsmelding bør legges fram for Stortinget i en stortingsmelding.»

Til dette svara departementet at det hadde teke vedtaket i rådet til etterretning.

— «Rådet utarbeider tre- eller fireårsbudsjetter. Disse bør utarbeides på grunnlag av problem- og prioriteringsnotater fra de faglige utvalg.»

— «Rådet ber om at det legges mer vekt på informasjon om rådet og fondet.»

— «Rådet vil ta initiativ til

- utveksling av informasjon med andre sakkyndige råd, f.eks. om beslutninger, uttalelser, og/eller utredninger angående faglige saker, enkeltsaker såvel som prinsippspørsmål.
- regelmessige møter med representanter for andre råd, til drøftelse av felles anliggender.
- uformelle konferanser ad hoc for å løse konkrete saker, f.eks. søknader, dobbeltsøknader om støtte m.v.
- et «stormøte» pr. år med representanter for andre råd, utvalg innen Norsk kulturråd m.v.
- en generaldebatt også med andre råd om budsjett(støtte-)politikken.»

Departementet har til dette siste sagt:

«Departementet har tatt rådets vedtak til etterretning. Vi forutsetter at rådet seinere vil legge fram for departementet slike tiltak som krever godkjenning herfra.»

I desember vedtok rådet med departementets godkjenning å utvide løyvingsfullmakta for arbeidsutvalet til kr 100 000. Vidare sende rådet eit forslag til departementet om rådets løyvingspolitikk og arbeidsmåtar. Kopi av brevet følgjer som vedlegg.

I arbeidet med framlegga frå Organisasjonsutvalet har det heile tida vore viktig for rådet å få vurdert dei administrative konsekvensene. Organisasjonane for dei tilsette i administrasjonen er bedne om å uttale seg om framlegga før dei blir sett ut i livet.

## II. ORGANISASJON OG VERKSEMD I 1984

### 1. MEDLEMMER AV NORSK KULTURRAD 1981—84

*Oppnemnde ved kongeleg resolusjon:*

Edvard Beyer, Bærum, formann  
(Anne Borg, Oslo)  
Anne Breivik, Moss, nestformann  
(Tordis Ørjasæter, Bærum)  
Ase Enerstvedt, Bergen  
(Mari Kollandsrød, Oslo)  
Edel Hætta Eriksen, Kautokeino  
(Reidar Hirsti, Oslo)  
Jack Fjeldstad, Oslo  
(Trine Kolderup Flaten, Bergen)  
Ola Jonsmoen, Alvdal  
(Olav Vesaas, Oppegård)  
Arne Nordheim, Oslo  
(Åse Kleveland, Oslo)  
Wenche Frogner Sellæg, Overhalla  
(Gudmund Hytten, Grimstad)  
Olina Storsand, Trondheim  
(Alvhild Tveit, Balestrand)

*Oppnemnde av Stortinget:*

Henrik Bargem, Hisøy  
(Bjørn Aarseth, Bærum)  
Knut Berg, Oslo  
(Gerd Råheim, Ålesund)  
Kjølv Egeland, Stavanger  
(Vie Some, Moss)  
Bjartmar Gjerde, Oslo  
(Karin Husøy, Rauma)

Wenche Frogner Sellæg og Olina Storsand (med varamedlemmer) vart oppnemnde etter framlegg frå Norske Kommuners Sentralforbund.

### 2. VEDTEKTER, RETNINGSLINER OG REGLEMENT

*Vedtekter for Norsk kulturfond vart fastsette av Stortinget 19. juni 1965 (endra 30. november 1967). I vedtekten heiter det mellom anna:*

#### § 1.

Norsk kulturfond som er opprettet i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har som sitt formål fremme av kunst og kulturvern. Midlene til fondet bevilges årlig av Stortinget.

#### § 2.

Norsk kulturfond har som formål å stimulere skapende åndsliv i litteratur og kunst, verne vår norske kulturarv og virke for at flest skal få del i kulturgodene.

#### § 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling av fondets midler og har ansvaret for de beløp som ved fordelingen blir stilt til rådets disposisjon.

*Retningssliner for bruken av Norsk kulturfonds midlar vart fastsette av Stortinget 19. juni 1965:*

Rammen for fondets virksomhet er kunst og kulturvern. Rådets tiltak bør ha den dobbelte hensikt å stimulere kunsten og kulturvernet, og samtidig gjøre kunst- og kulturverdiene tilgjengelige for flest mulig. Innenfor denne rammen vil rådet til enhver tid måtte vurdere hvilke oppgaver som bør prioriteres. Det er forutsetningen at rådet skal legge særlig vekt på:

- a. Tiltak til fremme av norsk litteratur. For bruk av midler til slike tiltak er det utarbeidet særlige regler.
- b. Tiltak til fremme av norsk musikkliv.
- c. Tiltak til fremme av norsk bildende kunst, innkjøp av bildende kunst til offentlige kunstsamlinger og til offentlig utsmykking.
- d. Tiltak til fremme av norsk filmkunst.
- e. Tiltak til bedring av kunstnernes utdanningsvilkår i Norge, herunder videreutdanning av kunstnere.
- f. Kulturverntiltak, herunder vern av samisk kultur.
- g. Støtte til finansiering av kulturygg.
- h. Tiltak som bidrar til å skape et rikere kulturelt miljø i bygd og by, og bedre estetisk utforming av våre omgivelser.
- i. Tiltak som kan lette adgangen til god kunst og skape økt forståelse for dens verdier.
- j. Initiativ og støtte til større kulturelle engangstiltak, som f.eks. kunstneriske innslag i nasjonale jubileer og minnehøgtider, og større engangsturnéer fra kunstinstitusjoner.

Også i samband med stortingshandsaming av meldingar og proposisjonar er det lagt rammevilkår for verksemda.

*Reglement for Norsk kulturråd vart fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965 (endra 24. september 1976). I reglementet heiter det mellom anna:*

#### § 3.

Rådet kan oppnevne et arbeidsutvalg på inntil 5 medlemmer der formannen og nestformannen er med.

Rådet kan også nedsette utvalg til å arbeide med særskilte saker eller saksområder. Dersom utvalgene omfatter personer som ikke er medlemmer av rådet, må oppnevningen godkjennes av departementet.

#### § 4.

Rådet har til oppgave å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med de vedtekter for Norsk kulturfond og de retningsslinjer som Stortinget fastsetter. Det er Kirke- og undervisningsdepartementets rådgivende organ i sa-

ker som gjelder Norsk kulturfond og skal gi uttalelser i andre spørsmål som departementet legger fram for det, eller som rådet selv ønsker å ta opp.

Rådet skal hvert år gi tilråding til Kirke- og undervisningsdepartementet om fordeling av midler som bevilges til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av de midler som ved fordelingen blir stilt til rådets disposisjon.

Rådet skal innen 15. februar gi melding til Kirke- og undervisningsdepartementet om fondets virksomhet i det foregående år.

### 3. MØTE I RÅDET

Rådet hadde seks møter i 1984. Eit møte vart halde i Vadsø, i samband med synfaring og samtalar med representantar for lokale kulturstyremakter/-tiltak i Finnmark (Vadsø, Nesseby, Tana, Porsanger, Karasjok, Kautokeino, Alta). Dei andre møta vart holdne i Oslo. I samband med tre møte har rådet halde meir uformelle temamøte, om kulturlivets finansiering (med statsråd Lars Roar Langslet som innleiar), om arbeidet med samiske kultursaker, og om utgreininga frå rådets organisasjonsutval.

### 4. ARBEIDSUTVALET

Medlemmer av arbeidsutvalet til 9.2.1984: Edvard Beyer, Anne Breivik, Edel Hætta Eriksen, Arne Nordheim, Wenche Frogner Sellæg, med Bjartmar Gjerde som 1. varamedlem og Kjølv Egeland som 2. varamedlem. Medlemmer resten av året: Edvard Beyer, Anne Breivik, Kjølv Egeland, Bjartmar Gjerde, Wenche Frogner Sellæg, med Knut Berg som 1. varamedlem og Åse Enerstvedt som 2. varamedlem.

Arbeidsutvalet gjer vedtak i løvviningssaker opp til kr 50 000 (frå desember 1984 kr 100 000) innanfor ramma av avsetjingar, og førebur elles saker for rådet.

Utvalet hadde fire møte i 1984, i Oslo eller som skriftleg møte.

### 5. UTVAL OG UTGREIINGAR

#### 5.1 Faste utval o.l.

##### 1. Det faglege utval for litteratur:

Edvard Beyer, leiar, Erling Fjellbirkeland, Else Granheim.

##### 2. Utvalet for utgjeving av eldre norsk litteratur — Klassikarkomiteen:

Grete Dahl, leiar, Asmund Lien, Halvard Sletten, Vigdis Ystad.

##### 3. Barnekulturutvalet:

Jack Fjeldstad, leiar, Rune Johan Andersson, Jon-Roar Bjørkvold, Åse Enerstvedt, Trine Kolderup Flaten, Audgunn Oltedal.

#### 4. Omsetjingskomiteen:

Arne Hannevik, leiar, Birger Huse, Yngvar Ustvedt.

#### 5. Ankenemnda for innkjøpsordninga for skjønnlitteratur:

Helge Rønning, leiar, Nils Tore Andersen, Ivar Eskeland, Asmund Lien, Øistein Parman, Einar Økland.

#### 6. Ankenemnda for innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur:

Leif Stavik, leiar, Nils Tore Andersen, Tor Edvin Dahl, Ivar Eskeland, Halfdan Kielland, Gunvor Risa.

#### 7. Tidsskriftutvalet:

Olav Vesaas, leiar, Irene Iversen, Helge Ytrehus.

#### 8. Musikkutvalet:

Arne Nordheim, leiar, Kjell Mørk Karlsen, Åse Kleveland, Odd Leren, Synne Skouen.

#### 9. Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk:

Egil Monn-Iversen, leiar, Øystein Gaukstad, Johan Kvandal, Gunnar Rugstad.

#### 10. Sakkunnig komité for Materialfondet for biletkunstnarar:

Henrik Bargem, leiar, Hanne Borchgrevink, Inger-Johanne Brautaset, Bjarne Holst, Oscar Reynert Olsen, Liv Elin Trygstad.

#### 11. Sakkunnig komité for Materialfondet for kunsthåndverkarar:

Henrik Bargem, leiar, Sigrun Aune, Anne Marie Hagerup, Helga Norland.

#### 12. Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg:

Anne Breivik, leiar, Inger Johanne Brautaset, Olav Herman Hansen, Bjarne Howlid, Kari Kjøde, Ørnulf Opdahl, Kari Stagebo, Per Ung.

#### 13. Utvalet til innkjøp av norsk samtidskunst og kunsthåndverk:

Nils Messel, leiar, Alf Ertsland, Toril Glenne, Anne Hansen, Svanhild Heggedal, Turid Juve, Istvan Lisztes, Unn Sønju, Espen Tveit.

#### 14. Samisk kulturutval:

Edel Hætta Eriksen, leiar, Jon Eldar Einejord, Anders A. Gaup, Berit Marit Hætta,

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

Trygve Madsen, Erik Prost, Aud Renander, Marit Oskal Sara, Peder Andreas Varsi. I november gjekk Prost ut. I hans stad vart oppnemnt Ellen Marit Eira Solbakke.

*15. Byggjeutvalet:*

Knut Berg, leiar, Gaute Baalsrud, Ulf Colbiørnsen.

*16. Kulturvernutvalet:*

Knut Berg, leiar, Gullik Kollandsrud, Else Rønnevig. Riksantikvaren og Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer har kvar sin representant med observatørstatus.

*17. Stiftelsen Militærhospitalet i Oslo:*

I styret for stiftelsen var rådet representert ved Knut Berg og Hans Stokland.

**5.2 Mellombels utval o.l.**

*1. Redaksjonskomitéen for «Kulturnytt»:*

Hans Stokland, leiar, Gudrun Heimvik, Roald Håland, Dagny Gevelt Løvdahl.

*2. Utval til å greie ut joikens rolle sosiologisk og juridisk:*

Utvalet vart oppnemnt i 1980. Medlemmer: Ellen Marit Gaup Dunfjell, leiar, Leif Dunfjeld, Kjell Oversand, Ellen Marit Eira Solbakke. Utvalet vart løyst frå oppgåva i 1984.

*3. Registrering av gamle orgel:*

Rådet engasjerte 1981 Stein Johannes Kolnes til å gjere ei registrering av gamle orgel. Arbeidet vart avslutta i 1984.

*4. Norsk kulturråds redaksjonsutval:*

Utvalet vart oppnemnt i 1981 for å lage eit skrift om rådets arbeid dei første tjue åra. Medlemmer: Edvard Beyer, leiar, Knut Berg, Anne Breivik, Torolf Elster, Ola Jonsmoen, Åsmund Oftedal. Arbeidet vart avslutta i 1984.

*5. Norsk kulturråds organisasjonsutval:*

Utvalet vart oppnemnt i 1981 for å vurdere rådets arbeidsmåtar og verkefelt. Medlemmer i 1984 var: Henrik Bargem, leiar, Edvard Beyer, Kjølv Egeland, Ase Enerstvedt, Kari Hilden, Hans Stokland. Innstilling vart levert i 1984.

*6. Utvalet for bevaring av gamle farty:*

Som ledd i ein tre-årig samarbeidsavtale mellom Norsk kulturråd og Miljøverndeparte-

mentet oppnemnde rådet i 1982 eit utval som er rådgjevande organ for rådet og departementet i saker som gjeld fartybevaring, vurderer søknader om tilskott og formar innstillingar, og vurderer ordninga for fartybevaring. Medlemmer: Halvard Bjørkvik, leiar, Georg Fredrik Denneche, Johan Kloster, Svein Molaug, Lars T. Platou, Tøger Teilmann.

*7. Utgreiingsutval om lokalhistoriske samlingar:*

Utvalet vart oppnemnt i 1982. Medlemmer: Hans Try, leiar, Kolbein Dahle, Rolf Fladby, Aasmund Mjeldheim, Tore Pryser, Anne Sofie Rogstad, Leif Willumstad. Utvalet la fram innstilling i 1984.

*8. Arbeidsgruppe for å gjere opptak av eldre musikk tilgjengeleg:*

Gruppa vart oppnemnd i 1982. Medlemmer: Øystein Gaukstad, leiar, Dagfinn Mannsåker og Olav Anton Thommessen. Arbeidsgruppa avslutta arbeidet i 1984.

*9. Utgreiingsutval om innkjøpsordningane for skjønnlitteratur:*

Utvalet vart oppnemnt i 1983 for å vurdere dei to innkjøpsordningane for skjønnlitteratur. Medlemmer: Erling Fjellbirkeland, leiar, Paal-Helge Haugen, Aud Kirknes. Utvalet la fram innstilling i 1984.

*10. Arbeidsgruppe i samband med Militærhospitalet:*

Rådet oppnemnde i 1983 ei arbeidsgruppe med formannen, direktøren og rådets representantar i styret for Stiftelsen Militærhospitalet, til å arbeide med økonomiske spørsmål i samband med gjenreisinga av Militærhospitalet. Gruppa vart oppløyst i 1984.

*11. Utval for teknisk og industrielt kulturmiljø:*

Utvalet vart oppnemnt i 1983. Medlemmer: Olina Storsand, leiar, Johan Giæver, Gunnar Gregersen, Torleif Lindtveit, Kari Hoel, Finn Rafn, Hans W. Riddervold. I november gjekk Riddervold ut. I hans stad vart oppnemnt Jan Didriksen.

*12. Evaluatingsutval for «Kulturnytt»:*

Eit utval vurderte i 1984 den vidare utgjevinga av «Kulturnytt». Medlemmer: Trine Kolderup Flaten, Erik Rudeng, Stein Storsul.

**13. Utgreiing om faglitteratur:**

Rådet vedtok i 1984 å greie ut situasjonen for norsk faglitteratur og eventuelle stønadsordningar. Som einmannsutval vart oppnemnt Kjølv Egeland. Utgreiinga skal etter planen bli ferdig i 1985.

**14. Aksjonsleiring for rådets barnebokveke 1985:**

Aksjonsleiringa kom i gang i 1984. Trine Kolderup Flaten, leiar, Hans Petter Foss, Torill Thorstad Hauger, Trygve Johansen, Sissel Rønbeck.

**15. Utgreiing om innkjøpsordning for fonogram:**

Rådet vedtok i november 1984 å greie ut spørsmålet om eit forsøk med innkjøp av norske «kvalitetsfonogram». Otlu Alsvik er engasjert til arbeidet, som skal vere avslutta 1. april 1985.

**16. Arbeidsgrupper for fråsegnere:**

Nokre av fråsegnene frå Kulturrådet var førebudde av særskilt oppnemnde arbeidsgrupper, — oftast med medlemmer berre frå rådet sjølv. I 1984 oppnemde rådet ni slike grupper.

**6. TILRADINGAR, FRÅSEGNER M.M.**

1. Årsmelding 1983 (jfr. St.meld. nr. 17 for 1984—85)
2. Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond 1984
3. Framlegg om løvning på Kap 376, Norsk kulturfond 1985
4. om NOU 1983: 32 Telematikk
5. om NOU 1983: 33 Konservering av gjenstander ved norske museer
6. om NOU 1983: 35 Endringer i åndsverkloven m.v.
7. om NOU 1983: 49 Revisjon av postloven
8. om NOU 1984: 3 Frå informasjon til kulturavr
9. om NOU 1984: 5 Kringkastingsrekklame
10. om NOU 1984: 13 Åpningstider og tilgjengelighet
11. om NOU 1984: 16 Styrking av norskundervisningen i alle skoleslag
12. om NOU 1984: 25 Nabolandsfjernsyn i kabel
13. om «Midlertidig regelverk for etablering, utbygging og teknisk drift av kabelnett»
14. om «Styringsstruktur og ansvarstilhøve i arkivverket»
15. om «Lokalhistoriske samlingar»
16. om «Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur»
17. om «Behov for fiolinbyggere/instrumentmakere» og om å få fiolinmakerfaget inn under lærlingordninga
18. om «Mønsterplan for grunnskolen, revisert utgave, generell del»
19. om «Eigeninntektsutvikling og nye finansieringsformer» for kulturinstitusjonar
20. om «Innstilling fra Norsk kulturråds organisasjonsutvalg»
21. om vern av folklore
22. om samisk utdanning på høgskolenivå
23. om tilskott til å gje ut bøker av samiske forfattarar frå Finland og Sverige
24. om nordisk innkjøpsordning for originalskriven samisk litteratur
25. om produksjon og distribusjon av tale- og punktskriftmateriale i Norden
26. om nordisk samarbeid innanfor amatør-musikklivet
27. om komponist- og orkesterstipendiator-ning ved høgre musikkutdanningsinstitusjonar
28. om situasjonen for omsette barnebøker
29. om årleg pris for uvanleg gode omsetjin- gar frå norsk til utanlandsk språk
30. om kulturpresentasjon i samband med «Eksportens år» (1985)
31. om kulturarbeid ved Fritidssentret i Antwerpen
32. om sysselsetjingstiltak ved musea
33. om utkast til stortingsmelding om meir-verdiavgiftssystemet

**7. KONTAKT MED ANDRE ORGAN**

Forutan kontakt med ei rekke departement har Norsk kulturråd i 1984 samarbeidd med mange institusjonar og organisasjonar. Mellom andre kan nemnast Noregs allmennvit-skaplege forskingsråd, Riksantikvaren, Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer, Statens Bibliotektilsyn, A/L Biblioteksentralen, Sta-tens byggje og eigedomsdirektorat, Utsmyk-ningsfondet for nye statsbygg og Norske Kom-munerens Sentralforbund.

Kulturrådet var i 1984 representert ved ei rekke arrangement, og rådet hadde ein medlem i juryen for Noregs allmennvit-skaplege forskingsråds pris for populærvitskapleg innsats (Beyer), i Utanriksdepartementets råd for kultursamarbeid med utlandet (Beyer med Breivik som varamedlem) og i representantskapet for Henie Onstad-museet (Beyer).

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

**8. TILSKOTT****8.1 Hovudfordeling**

Ved kongeleg resolusjon vart det fastsett følgjande hovudfordeling av løyvinga til Norsk kulturfond, 68 mill. kroner:

	1983	1984
Litteratur .....	27 000 000	30 000 000
Tidsskrift .....	1 300 000	1 300 000
Musikk .....	5 350 000	5 350 000
Biletkunst og kunsthandverk .....	8 550 000	8 700 000
Kulturvern .....	6 750 000	6 750 000
Samisk kultur .....	1 400 000	1 500 000
Kulturbrygg .....	8 200 000	6 500 000
Andre føremål .....	3 450 000	4 500 000
Utval, utgreningar, publikasjonar .....	450 000	800 000
Administrasjon .....	1 850 000	2 600 000
Til saman .....	64 300 000	68 000 000

**8.2 Søknadsoversyn 1984**

	Tal på søknader	Søknader utan pengesum	Søknads- sum
Litteratur .....	191	(56)	5 817 002
Tidsskrift .....	63	(26)	1 884 000
Musikk .....	222	(74)	6 345 126
Brukskunst og kunsthandverk .....	361	(82)	13 190 432
Kulturvern .....	239	(55)	25 299 153
Samisk kultur .....	106	(18)	2 997 183
Kulturbrygg .....	35	(5)	33 371 210
Film/teater/ballett video o.a. ....	146	(52)	6 175 046
I alt .....	1 363	(368)	95 079 152

(Ordningar som rådet forvaltar utan søknad og søknader til materialfonda er ikkje med i oversynet.)

**8.3 Litteratur**

Det vart sett av 30 mill. kr til litterære formål delt slik:

Innkjøpsordninga for skjønn-	litteratur .....	kr 20 850 000*
Barne- og ungdomslitteratur		
— Innkjøpsordninga for bar-		
ne- og ungdomslitteratur ..	»	5 800 000
— Kunstrarleg illustrerte		
barnebøker .....	»	575 000
— Barneblad .....	»	100 000
— Andre tiltak, barne-		
litteratur .....	»	100 000

Eldre norsk litteratur .....	kr	175 000
Essayistikk .....	»	265 000
Omsett litteratur .....	»	400 000
Norsk litteratur i utlandet ..	»	150 000
Ny norsk dramatikk .....	»	200 000
Omsetjarpris .....	»	25 000
Nynorsk litteratur .....	»	760 000
Til råvælde litteratur .....	»	600 000

Til saman ..... kr 30 000 000

\* I denne summen er også teke med inndekking av meirkostnader frå tidlegare år.

*Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur (for vaksne)*

I 1984 sette rådet av kr 20 850 000 til å dekke innkjøpsordninga dette året og meirkostnader frå tidlegare år. Rådet hadde rekna med å kjøpe inn inntil 215 titlar, men fleire bøker kunne avsetjinga ikkje tolle. Derfor vart det under forhandlingar med partane avtala at forlag som ikkje var tilslutta ein av dei to forleggjarorganisasjonane, i første omgang ikkje kunne få førehandsvurdert sine bøker for innkjøp. Det same galdt genremessige tvilstilfelle frå medlemsforlag. Prisdirektoratet vart orientert om dette. Då det endelige titteltalet vart kjent ved påmeldingsfristen i september, vedtok rådet å opne ordninga for dei ikkje-organiserte forлага. Av di også 1983-tala vart lågare (205 innkjøpte titlar mot venta 215) enn i budsjettet, greidde rådet å kome à jour med kostnadene for innkjøpsordninga for første gong på mange år. Pr. 20.2.85 var det kjøpt inn 201 titlar. 195 av desse er sende ut til biblioteka, medan seks ikkje vart klargjorde for utsending før siste pulje gjekk. Desse gjekk ut med den første sendinga med 1985-bøker. Det endelige titteltalet vil ikkje vere klårt før Ankenemnda er ferdig med si handsaming av bøkene på 1984-ordninga.

Fleire forlag har i 1984 vorte samde med Kulturrådet om ein plan for tilbakebetaling av uteståande for avviste bøker. I samråd med avtalepartane har rådet teke inn eit eige punkt om korleis slik betaling skal skje, sjá nedanfor i underkapitlet om innkjøpsordninga for barne- og ungdomslitteratur. Korleis dei innkjøpte bøkene i perioden 1965—84 deler seg på dei ulike genrane, kan ein sjá av dette oversynet:

	Prosa	Lyrikk	Skodespel	Til saman
1965 .... ( 76	43	5	124)	
1966 .... ( 88	48	12	148)	
1967 .... ( 74	48	55	127)	
1968 .... ( 90	51	11	152)	
1969 .... ( 75	60	5	140)	
1970 .... ( 85	65	8	158)	

	Prosa	Lyrikk	Skodespel	Til saman
1971 ....	( 84	68	6	158)
1972 ....	( 92	66	5	163)
1973 ....	( 94	88	7	189)
1974 ....	( 92	65	7	164)
1975 ....	( 92	74	7	173)
1976 ....	(118	105	8	231)
1977 ....	(130	115	7	252)
1978 ....	(128	101	10	239)
1979 ....	( 98	103	11	212)
1980 ....	(115	75	6	196)
1981 ....	(119	73	15	207)
1982 ....	(120	84	11	215)
1983 ....	(113	80	12	205)
1984 ....	(124	67	10	201)

Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er medlemmer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 190 titlar. Forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband, melde ikkje på bøker til innkjøpsordninga i 1984. Ni forlag som ikkje er organiserte, og som ikkje er med på den automatiske ordninga, fekk kjøpt inn 11 bøker etter søknad. Femten bøker vart avviste frå ordninga, anten av di dei ikkje vart klassifiserte som skjønnlitteratur, eller av di dei var søkte innkjøpt frå uorganiserte forlag og vart underkjende av Det faglege utval for litteratur på grunnlag av konsulentvurdering.

Ankenemnda handsama i 1984 16 bøker frå 1983-ordninga. Av desse vart seks godkjende, medan resten vart avvist. Nemnda rakk berre å handsame ei bok på 1984-ordninga før års-skiftet, og den vart avvist. Liste over dei innkjøpte bøkene følgjer som vedlegg.

Innkjøpsordningsbøkene 1984 vart sende ut i fem puljar til biblioteka. Den første sendinga gjekk 8. juni, dei neste 5. oktober, 2. november, 14. desember 1984 og 22. februar 1985.

Kostnadene for innkjøpsordninga 1983 var rekna ut etter innkjøp av 213 titlar, medan det endelege talet som nemnt vart 205. Rekneskapen ser då slik ut:

Kjøp av 205 titlar .....	kr 11 775 010
Plasting (av prosabøker) .....	» 764 000
Ekspedisjon .....	» 950 400
Frakt .....	» 284 166
Forskottshonorar 1983 .....	» 3 017 426
Honorar for sal 1982 (utbetalt 1983) .....	» 956 391
Til saman .....	kr 17 747 393

På budsjettet for 1984 vart det sett av kr 19 600 000 til å dekkje ordninga dette året, rekna ut frå at ordninga ville omfatte 215 titlar. Førebels er innkjøpt 201 titlar, og rekneskapen ser slik ut før Ankenemnda har fått ferdighandsama alle 1984-sakene:

Kjøp av 201 titlar .....	kr 12 226 735
Plasting (av prosabøker) .....	» 746 000
Ekspedisjon .....	» 926 250
Frakt .....	» 248 040
Forskottshonorar 1984 .....	» 2 902 502
Honorar for sal 1983 (utbetalt 1984) .....	» 1 007 799
Til saman .....	kr 18 057 326

Oppstillinga under viser korleis prisane på dei innkjøpte bøkene har utvikla seg. Prisane (kr) gjeld for hefta bøker i bokhandel:

	1984	1983	1982	1981	1980	1979	1978	1977
Prosa .....	108	103	96	89	76	66	63	55
Lyrikk .....	89	77	75	67	63	48	46	39
Skodespel .....	108	99	80	64	67	67	62	52

#### Støtte til barne- og ungdomslitteratur

Rådet sette av i alt kr 6 575 000 delt slik:  
Innkjøpsordninga for nye norske  
skjønnlitterære barne- og ung-  
domsbøker .....

kr 5 800 000

Støtte til kunstnarleg illustrerte  
barnebøker .....

» 575 000

Støtte til barneblad .....

» 100 000

Andre tiltak barnelitteratur ..

» 100 000

nebokveke i 1984. Barnebokveka er blitt utsett til 1985. Rådet har løyvd i alt kr 200 000 til administrasjon og koordinering av tiltak i samband med veka over heile landet. Vi viser elles til innleiinga med presentasjon av utgreiinga om dei to innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur. I utgreiinga vart også den særskilde situasjonen for barne- og ungdomslitteratur teken opp.

#### Generelt

Som nemnt i årsmeldinga for 1983, vedtok rådet å medverke til gjennomføring av ei bar-

**Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære barne- og ungdomsbøker**

Rådet sette av i alt 5,8 mill. kr til innkjøpsordninga.

I samråd med avtalepartane vart avtalen revidert for avsnitt II sine punkt 2. *Levering* og 4. *Behandlingsmåte for bøker som etter klassifiseringen og avtalen ikke skulle ha vært med på ordningen*. Den første revisjonen går ut på at alle bøker på ordninga skal leverast i forlagsinnbinding (mot før *anten* i materie eller forlagsinnbinding), den andre revisjonen gjeld frist for tilbakebetaling for avviste bøker frå forлага og høve for Kulturfondet til å halde attende utbetalingar til forlag med gjeld i Kulturfondet. Innkjøpa vart noko avgrensa i første del av 1984, på same måte som er omtala ovanfor under innkjøpsordninga for vaksne.

78 bøker vart kjøpte inn i 1984. Liste over dei innkjøpte bøkene følgjer som vedlegg.

Frå og med overgangsåret 1977 er tala på innkjøpte titlar kvart år desse:

1984	1983	1982	1981	1980	1979	1978	1977
78	77	67	75	74	82	85	70

Tala fram til 1983 gjeld godkjende bøker etter avslutta etterhandsaming i Ankenemnda for barne- og ungdomslitteratur. Talet for 1984 kan bli lågare når resultata av etterhandsaminga ligg føre.

Medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er medlemmer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 73 titlar. Frå forlag som er medlemmer av begge forleggjarorganisasjonane, vart 4 titlar innkjøpte.

Forlag som er medlemmer berre av Norsk Forleggersamband, melde ikkje bøker til ordninga i 1984. Eit forlag som etter søknad har fått status som medlemsforlag i høve til ordninga (i 1980), fekk kjøpt inn fire bøker. Eit uorganisert forlag fekk kjøpt inn ein tittel etter søknad. Fem bøker vart avviste frå ordninga anten av di forfattaren var meld til ordninga med meir enn ein tittel eller av di boka var meld til ordninga frå eit uorganisert forlag og vart avvist av Det faglege utvalet for litteratur på bakgrunn av innhenta konsulentfråsegnar.

Ankenemnda for barne- og ungdomslitteratur handsama i 1984 to bøker på 1982-ordninga og fem bøker på 1983-ordninga. Av dei sju bøkene Ankenemnda handsama, vart ei 1983-bok godteken. Dei andre seks bøkene vart alle avviste frå ordninga. Ankenemnda har

ikkje handsama dei bøkene på 1984-ordninga som er avviste av Bibliotektilsynet i 1984.

Bøkene på innkjøpsordninga 1984 vart utsende til biblioteka i tre puljar. Første pulje med ni titlar gjekk ut 18. juni, andre pulje med 38 titlar 23. november 1984 og tredje pulje 31. januar 1985 med 31 titlar. Det er ikkje råd å gje dei endelege tala for utgiftene i samband med 1984-ordninga før etterprøvinga av dei underkjende bøkene er avslutta. Dei førebels tala for 1984-ordninga er:

Kjøp av 78 titlar .....	kr 3 316 810
Plasting, innbinding, ekspedisjon »	934 500
Frakt .....	» 133 046
Forskottshonorar 1984 .....	» 1 043 484
Salsoppgjer for sal i 1983 (utbetalte i 1984) .....	» 498 487
Til saman .....	kr 5 926 327

Oppstillinga nedanfor viser utviklinga av gjennomsnittsprisen for dei innkjøpte bøkene. (Prisane gjeld hefta bøker for sal gjennom bokhandel.):

1984	1983	1982	1981	1980	1979	1978
67	59	55	44	40	34	30

**Kunstnarleg illustrerte barnebøker, barneblad og andre tiltak barnelitteratur**

Rådet handsama i 1984 i alt 45 søknader til denne posten og løyde etter tilråding frå Barnekulturutvalet i alt kr 735 625 til 20 gjennomillustrerte barnebøker, av desse fem utsatte frå 1983, og 17 delvis illustrerte barnebøker. Løyving til tre tilrådde bokprosjekt måtte av budsjettgrunnar utsetjast til 1985. Rådet har elles løyvt kr 100 000 til fem barneblad og kr 145 000 til tiltak som fell utanfor dei faste litteraturstøtteordningane, mellom dei kr 85 000 til punktskriftutgåver av 15 bøker for barn og ungdom. Løyvingane til kunstnarleg illustrerte barnebøker og andre tiltak barnelitteratur vart ved utgangen av året styrkt av posten til generell disposisjon med i alt kr 220 625. Oversyn over dei bøker, blad og andre tiltak rådet har støtta, følgjer som vedlegg.

**Nyutgjeving av eldre norsk litteratur**

Rådet sette av kr 175 000. Etter tilråding frå den sakkunnige Klassikarkomiteen gav rådet tilskott til nyutgjeving av 13 litterære verk med ein samla støttesum på i alt kr 278 200. Avsetjinga vart styrkt med kr 103 200

av andre litteraturavsetjingar. Etter oppmoding frå rådet la Klassikarkomiteen fram ei samla vurdering av verknadene av denne støtteordninga frå og med 1966 og slo fast at det er naudsynt å halde fram med ei særskild støtte til nyutgjevingar. Komiteen gjorde òg framlegg og betring av støtteordninga. Eit oversyn over løyvingane 1984 ligg ved.

#### *Essayistikk*

Rådet sette av kr 265 000. Rådet handsama i 1984 28 søknader og løvdde etter tilråding frå Klassikarkomiteen til saman kr 204 600 til 12 essaysamlingar. Eit oversyn over løyvingane 1984 ligg ved.

#### *Omsett litteratur*

Norsk kulturråd sette i 1984 av kr 400 000 til omsett litteratur. Denne summen vart delt på 44 titlar. Ei større eingongsløyving vart gjeven til nyutgjevinga av Marcel Prousts syklus *På sporet av den tapte tid*. Rådet har ikkje klart å fylle målsetjinga si med 50 pst. dekking av omsetjarhonoraret til bokmålomsetjingar. Derimot har dei få nynorskomsetjingane fått honoraret dekt fullt ut.

Rådet har drøfta den vanskelege situasjonen som barne- og ungdomslitteraturen er komen i, men har av budsjettgrunnar ikkje kunna setje i gang ekstraordinære tiltak for desse bøkene. Men rådet vil stadig følgje med i utviklinga på dette viktige området. Eit oversyn over løyvingane til omsett litteratur 1984 ligg ved.

#### *Arbeid for norsk litteratur i utlandet*

Rådet sette av kr 150 000. Etter tilråding frå Det faglege utvalet for litteratur har rådet gjeve tilskott til omsetjarhonorar for 9 norske litterære verk for utgjeving i land utanfor Norden. Eit oversyn over løyvingane 1984 ligg ved.

#### *Ny norsk dramatikk*

I 1984 vart det sett av kr 200 000 til ny norsk dramatikk. Dette var kr 50 000 mindre enn året før, og det viste seg snart at avsetjinga langt frå kunne dekkje alle søknadene. Posten vart derfor styrkt av rådet mot slutten av året. Rådet hadde to møte med dramatikarane i 1984 for å diskutere korleis ordninga kan gjerast betre. Eit resultat av desse diskusjonane vart at rådet gjekk med på at korttidsengasjementa i særskilde høve kan utvidast til å omfatte inntil seks månaders kontrakt mellom dramatikar og teater. Tilskotta har elles vore gjevne som tidlegare: til tremåndars engasjement, til kopiering av skodespel

og til omsetjingar av skodespel til engelsk, tysk og fransk. Eit spørsmål frå den samiske teatergruppa Beaivvaš førte til at også omsetjingar til samisk kan kome med på den siste ordninga frå 1985 av. Eit oversyn over løyvingane 1984 til ny norsk dramatikk ligg ved.

#### *Omsetjarprisen*

Norsk kulturråds omsetjarpris 1984 gjekk til Albert Lange Fliflet. Han fekk prisen for sine store språkkunnskapar, sikre omsetjingar frå vanskelege framandspråk og ikkje minst for den kunstnarlege utforminga dei verka han har sett om, har fått.

I juryen sat Yngvar Ustvedt (Norsk kulturråds omsetjingsutval), Magli Elster (Norsk litteraturkritikerlag), Jan Brodal, Birgit Gernes og Hans Aaraas (alle frå Norsk Oversetterforenings Bastiankomité 1984).

Prisen vart delt ut under ei tilstelling i Konserthuset i Oslo 11. desember.

#### *Nynorsk litteratur*

Rådet sette av kr 760 000 og gav, medrekna overførte og omdisponerte løyvingar frå 1983, i alt kr 822 760 i tilskott til nynorsk litteratur etter tilråding frå Det faglege utvalet for litteratur. Tilskotta er delte på 31 litterære verk, av desse 21 på Det Norske Samlaget. Rådet har merka seg ein liten auke i interessa for utgjeving av bøker på nynorsk på andre forlag enn dei tradisjonelle nynorskforлага i 1984. Eit oversyn over løyvingane 1984 ligg ved.

#### *Til rådvelde litteratur*

Norsk kulturråd sette i 1983 av kr 600 000 til andre litteraturliftak enn dei som kjem inn under dei faste avsetjingane. Ein del av midlane var bundne opp med tilsegner frå året før, som til dømes til *Holberg-ordbogen*, eit dramatikarprosjekt i Nord-Noreg og ei nasjonal barnebokveke i 1985. Frå og med 1983 har *Norsk Litterær Årbok* vore støtta av denne posten.

Ei av dei største løyvingane i 1984 gjekk til Norsk Oversetterforening, som ønskjer å bygge opp eit referansebibliotek, og eit aktivt sentrum for omsetjarane. Elles gjekk disposisjonsmidlane i 1984 til ei rad einskildutgjevingar av bøker, til seminar, kurs og bokkveldar. I tillegg måtte avsetjingane til ny norsk dramatikk og kunstnarleg illustrerte barnebøker styrkast av denne posten. Eit oversyn over løyvingane 1984 ligg ved.

#### **8.4 Tidsskrift**

Norsk kulturråd sette i 1984 av kr 1 300 000 til kulturtidsskrift. Denne summen vart delt

på i alt 41 publikasjonar etter dei nye retningslinene som vart innførte i 1984. Det vart lagt meir vekt på om tidsskrift hadde essayistisk karakter, og at dei bør innehalde mest mogeleg originalskrive stoff slik at profilen deira kjem tydelegare fram. Men sjølv tilskottsforsmene vart ikkje endra i same grad. Støtta vart gjeven til produksjon, honorar og innkjøp av 200 årsabonnement som tidlegare. I tillegg gav rådet tilskott til nyoppstartningar og til temanummer. Eit par tidsskrift som tidlegare hadde vore vane med å få støtte, fekk i 1984 mindre summar enn åra før, medan nokre fekk avslag. Fleire utgjevarar hadde vanskar dette året, og tidsskrift som Profil, Kontrast og Miljømagasinet vart lagde om og fekk nye eigarar eller utgjevarar. Situasjonen har på ingen måte vorte noko lettare for tidskrifta det siste året, og Kulturrådet har berre i liten mon kunna hjelpe til.

Eit oversyn over løyvingane i 1984 ligg ved.

### 8.5 Musikk

I 1984 vart det sett av 5,35 mill. kr til ulike musikkføremål. Om lag halvdelen av denne summen stod til disposisjon utanom dei særskilt nemnde tiltaka og avsetningane. Til disposisjonsposten kom det inn 222 søknader. Av desse hadde 148 ein samla søknadssum på meir enn 6,3 mill. kr. 74 av søknadene hadde ikkje nemnt søknadssum.

Avsetjinga til musikkføremål fekk i 1984 denne hovudfordelinga:

#### Særskild nemnde tiltak

Tilskott til profesjonelle fylkesmusikarar .....	kr 250 000
Prøveordning med komponist- og dirigentstipendiatar .....	» 153 970
Musikktiltak for funksjons-	
hemma .....	» 198 000

Prøvekatalogisering av Bauer-Müller-samlinga .....	» 174 442
----------------------------------------------------	-----------

#### Avsetjingar

Utgjeving av norsk musikk — samtidsmusikk .....	» 680 000
— klassisk musikk, plater og notar .....	» 875 000
— formidling .....	» 300 000
Andre musikktiltak .....	» 2 718 588

Til saman .....	kr 5 350 000
-----------------	--------------

#### Særskilt nemnde tiltak

I 1984 gav Norsk kulturråd for tredje år på rad tilskott til forsøket med fylkesmusikargruppe i Rogaland. Tilskottet vart gjeve til etablering av gruppa i form av refusjon for

utgifter til løn over ein tre-års periode, med 60 pst. refusjon første året, 50 pst. det andre og 40 pst. refusjon siste året. Rådet har tidlegare gjeve liknande tilskott til musikar-grupper i Nord-Trøndelag og Gjøvik/Oppland. Alle desse gruppene vil etter 1984 vere finansierte over kommunale og fylkeskommunale budsjett.

Norsk kulturråd har finansiert ei to-årig prøveordning med ein komponist- og ein dirigentstipendiat ved to distriktskonservatorium. Komponisten har vore knytt til Rogaland Musikkonservatorium, medan dirigenten har verka ved Bergen Musikkonservatorium. Røynslene frå forsøket, som vart avslutta sommaren 1984, har vore svært positive, og departementet vil ta over finansieringa av to nye stipendiatstillingar etter 1984.

Norsk kulturråd vedtok i 1983 å gje tilskott til eit prøveprosjekt med utvikling av særskilde musikktiltak for fysisk og psykisk funksjonshemma i og utanfor institusjonar. Prosjektet inkluderer både instrumentalopplæring, utvikling av spesielle musikkprogram, integreringstiltak i det lokale musikklivet, kurs- og opplysningsverksemrd. Gloppe kommune i Sogn og Fjordane administrerer forsøket, og det er tilsett to musikkterapeuter til å gjennomføre prosjektet. Til no er røynslene frå forsøket gode. Tilskottet vert gjeve etter same mønster som for fylkesmusikargruppene.

Løyvinga til prøvekatalogisering av Bauer-Müller-samlinga vil gjere det mogeleg å få denne verdifulle musikkensamlinga tilgjengeleg for musikkforskarar, studentar og andre innan få år. Samlinga inneheld ca. 5 000 78-plater og 30 hylrometer med notetrykk, diskografiar og annan musikk litteratur. Platene inneheld lydopptak frå før hundreårsskiftet og fram til i dag og er rekna for å ha særleg musikhistorisk interesse innanfor song- og operalitteraturen. Samlinga kom til Noreg i 1978 med hjelp av Arne Dørumsgaard i Italia, men har til no ikkje vore tilgjengeleg for publikum. Arbeidet med katlogiseringa på EDB blir gjennomført ved Norsk Musikksamling/Universitettsbiblioteket i Oslo. På grunnlag av prøvekatalogiseringa har Kulturrådet gjeve tilsegn om eit tilskott på kr 77 000 til det vidare arbeidet med samlinga i 1985. Endeleg finansiering av arbeidet som står att, og som er rekna ut til å ta om lag tre årsverk, vil bli drøfta nærrare.

#### Avsetjingar

Utgjevinga av norsk samtidsmusikk i regi av Norsk Komponistforening følgde same mønster i 1984 som før: Det sakkunnige råd i foreininga utarbeider ei prioritert liste over

plateinnspelingar med musikk av nolevande norske komponistar, som etter søknad får tilskott frå Norsk kulturfond. I 1984 vart det gjort i alt 8 ny-innspelingar i Serien Norske Komponistar. Oversikt over innspelingane følgjer som vedlegg.

Innspeling av norsk klassisk musikk i den såkalla Klassiker-serien har no kome fram til plate nr 64, etter at fem ny-innspelingar vart gjennomførte i 1984. Det er utarbeidd ein plan for resten av serien, som i alt vil omfatte vel 80 LP-plater med norsk klassisk musikk. Oversyn over innspelingane i 1984 følgjer som vedlegg.

Forsøket med formidling av norsk-produkserte LP-plater heldt fram i 1984. Eit utval av dei LP-platene som har fått produksjonstilskott frå Kulturfondet og som er utkomne siste året, blir kjøpt inn og sendt til bibliotek med musikkavdeling, musikkskolar, vidaregåande skolar med musikkline, konservatoria,

Noregs Musikkhøgskole, universitet med musikkinstitutt, lærarhøgskolar, folkehøgskolar og ein del til Norsk Musikkinformasjon med sikte på informasjon til utlandet. I 1984 vart det kjøpt inn og sendt ut 21 ulike plater i 450 eksemplar til dei nemnde institusjonane. Platene omfatter norsk klassisk musikk, samtidsmusikk, kyrkjemusikk, jazz og folkemusikk. Ordninga er svært godt motteken.

#### *Andre musikktiltak*

For 1984 vart det sett av kr 2 718 588 til disposisjon for andre tiltak på musikkområdet. I tillegg kom kr 35 000 som vart overførte frå ein annan post på musikkapitlet. Samla søknadssum til denne posten var som nemnt på meir enn 6,3 mill. kr. Løyvingane vart fordele på ulike felt som tabellen nedanfor viser. (Prosenttala i parentes gjeld prosent av disposisjonsposten for 1983.)

Tingingsverk .....	kr 1 027 500	37,3 %	(31,0 %)
LP-innspelingar .....	» 425 200	15,4 %	(13,8 %)
Konsertar, festivalar .....	» 407 844	14,8 %	(17,2 %)
Folkemusikk og folkedans .....	» 271 000	9,8 %	(8,8 %)
Trykkingstilskott til noteutgjeving av ny norsk musikk ..	» 150 521	5,5 %	(7,1 %)
Operatiltak .....	» 70 000	2,5 %	(2,7 %)
Kurs, seminar .....	» 5 000	0,2 %	(2,9 %)
Ulike tiltak og prosjekt .....	» 395 568	14,4 %	(16,5 %)
Udisponert .....	» 955	—	—
Til saman .....	kr 2 753 588	99,9 %	(100 %)

#### **T i n g i n g s v e r k**

Departementet har ved tidlegare høve gjeve uttrykk for at Norsk kulturråds ordning med tilskott til tinging av ny norsk musikk bør byggjast ut, især når det gjeld yngre komponistar. Kulturrådet har søkt å følgje dette opp så langt som råd er. På dette området er det godt samarbeid med Norsk Komponistforening, sjølv om Norsk kulturråd ikkje set medlemskap i denne foreininga som vilkår for stønad til tingingsverk.

#### **L P - i n n s p e l i n g a r**

I 1984 kom det inn søknader om stønad til plateinnspelingar på langt over ein million kroner. Søknaden frå Norsk Komponistforening om tilskott til utgjeving av norsk samtidsmusikk er ikkje rekna med i dette. Norsk kulturråd fann å kunne gje tilskott til mindre enn ein tredel av desse søknadene.

#### **K o n s e r t a r , f e s t i v a l a r**

Norsk kulturråd har også i 1984 følgt den praksis at søknader om tilskott til konsertar,

turnéverksem og liknande, normalt blir viste til Rikskonsertane og til Fondet for utøvande kunstnarar. Av alle dei søknadene som er komne inn i 1984, går det klart fram at behovet for tilskott til slike føremål er større enn desse institusjonane kan innfri.

Arsaka til at løyvingane til konsertar og festivalar likevel ligg på over kr 400 000, er at Kulturrådet for tredje år på rad, og etter oppmoding frå departementet, gav tilskott til Det Norske Kammerorkester, Ny Musikks Ensemble og Ungdomssymfonikerne. Tilskottet til desse tre åleine utgjer i 1984 ca kr 340 000. Rådet reknar med at slike tilskott no er gjevne for siste gong, og at ensembla får auka stønad over statsbudsjettet.

#### *Folkemusikk og folkedans*

Løyvingane til føremål innanfor folkemusikk og folkedans går i det vesentlege til innsamlings- og registreringsarbeid. Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) er nytta som konsulentorgan, og Rff har såleis kome med framlegg om løyvingar i samband med søkna-

der til Kulturrådet om tilskott til slike føremål.

Det er framleis stor aktivitet på dette feltet i lokale lag og foreiningar i alle delar av landet, og Kulturrådet har ikkje kunna innvilge på langt nær alle søknadene om stønad. På grunn av relativt store løyvingar til folke-musikk- og folkedanstiltak i 1. halvår i 1984, gjorde Kulturrådet vedtak om å avslå alle ordinære søknader på dette området for resten av året, og å oversende søknadene til Rff for handsaming der.

To større prosjekt innan folkemusikken som fekk tilskott i 1984, skal nemnast her. Det eine er eit stort innsamlingsarbeid av religiøse folketonar i Telemark, Agder-fylka og Rogaland ved Sondre Bratland. Det andre gjeld arbeidet med noteteikning i samband med prosjektet «Slåttar for vanleg fele». Til sistnemnde prosjekt er det også gjeve lovnad om tilskott til delar av arbeidet i 1985.

#### *Ulike tiltak og prosjekt*

Norsk kulturråd gav i 1984 det første etableringstilskott til ein ung norsk og vel kvalifisert instrumentmakar som no har opna verkstad i Fredrikstad. Løyvinga er gjeven på grunnlag av Statens Musikkråds og Norsk kulturråds utgreiing om mangelen på instrumentmakarar i Noreg. Kulturrådet har sagt seg villig til å stø etablering av nokre få, vel-kvalifiserte norske eller utanlandske instrumentmakarar, som i tillegg til å drive reparering og bygging, også skal ta inn lærlingar for å sikre ny rekruttering til faget.

Det er elles gjeve tilskott til oppstart og prøvedrift av eit ordrekontor for norske LP-plater innan «klassisk-seriøs» musikk, jazz, folkemusikk og liknande musikkformer. Kontoret skal hjelpe til større spreiling av og betre tilgjenge til delar av norsk plateproduksjon, først og fremst i Noreg, men etter kvart også vis-à-vis utlandet.

Ein viser elles til oversyn over alle løyvin-gar til andre musikktiltak som følgjer som vedlegg.

#### **8.6 Biletkunst og kunsthåndverk**

I 1984 kom det inn i alt 361 søknader med ein søknadssum på kr 13 190 432. 82 av desse søknadene nemnde ikkje søknadssum. Søknader om lån i materialfonda for biletkunstnarar og kunsthåndverkarar er ikkje med.

I 1984 vart det sett av til saman kr 8 700 000 til kunst og kunsthåndverk, med slik fordeling:

#### *Særskilt nemnde tiltak*

Kunstnarsentra i Rogaland, Hor-daland, Møre og Romsdal og Nord-Noreg

Trøndelag og Nord-Noreg, ekstraordinær stønad .....	kr 1 925 000
Norsk kunstnerleksikon, tilsegn 1981 .....	» 112 500
Seksjon av kunst- og kunstindu- strimuseer i NKKM, til lys- biletseriar, tilsegn 1982 .....	» 47 500
Sonja Henies og Niels Onstads Stiftelser, til utstillinga «Paul Klee og musikken», tilsegn 1982 .....	» 50 000
Stiftelsen Fotogalleriet, til prø- vedrift av formidlings- og ut- stillingssenter for fotografisk kunst, 2. året, tilsegn 1983 ..	» 125 000
<i>Avsetjingar</i>	
Kunstnarleg utsmykking av of- fentlege bygg .....	» 2 800 000
Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthåndverk .....	» 590 000
Stønad til debuterande bilet- kunstnarar .....	» 250 000
Stønad til debuterande kunst- handverkarar .....	» 70 000
Utstyrsstønad til biletkunstnarar	» 260 000
Utstyrsstønad til kunsthåndver- karar .....	» 410 000
Til rådvelde for utstillingar og andre eingongstiltak for bilet- kunst og kunsthåndverk .....	» 1 560 000
Overføring av nye midlar til Materialfondet for biletkunst- narar .....	» 200 000
Overføring av nye midlar til Materialfondet for kunsthånd- verkarar .....	» 0
Vederlag til utstillingsverksem	» 300 000
Til saman .....	kr 8 700 000

#### *Særskilt nemnde tiltak*

Kunstnarsentra i Rogaland,  
Hordaland, Trøndelag, Møre og  
Romsdal og Nord-Noreg

Prøveperioden for kunstnarsentra i Rogaland, Hordaland og Trøndelag gjekk ut i 1979, for Møre og Romsdal i 1980. For 1980 løyvde Norsk kulturråd kr 270 000 til å halde adminis-trasjonen ved dei tre første sentra i gang medan det vart laga ein rapport om røynslene med kunstnarsenter. Møre og Romsdal fekk kr 140 000 til tredje prøveåret, og det nystarta kunstnarsentret i Nord-Noreg fekk kr 80 000 til administrasjonsutgifter. Om hausten løyvde rådet kr 200 000 i tillegg til dei fem sentra for å redde drifta ut året. I alt vart det løyvt kr 690 000 til dei fem kunstnarsentra i 1980.

I St.prp. nr. 1 for 1980—81 vart så Norsk kulturråd oppmoda om å stø desse kunstnar-

sentra ut over prøvetida og inntil det framtidige finansieringsmønsteret for kunstnarcentra var avklart. For 1981 løyvde rådet i alt kr 927 000 til desse kunstnarsentra, øvremerkt som stønad til utgifter i samband med service-tiltak ved og administrasjon av kunstnarsentra. I tillegg vart det løyvt i alt kr 95 000 til spesifiserte utstillingsprosjekt i regi av sentra, medrekna vederlagsutgifter i samsvar med avtalen mellom staten og kunstnarorganisasjonane. Til saman vart det løyvt kr 1 022 000 til dei fem sentra i 1981.

I budsjettpremissane for 1982, St.prp. nr. 1 for 1981—82, sa departementet: «Med tilvising til Budsjettinnst. S. nr. 12 for 1980—81 er det rekna med at Kulturrådet støttar kunstnarsentra til ein har fått vurdert den framtidige finansierings- og organisasjonsmåten for dei. Dette gjeld også utstillingsvederlag for utstillinger som sentra arrangerer etter nærmare avtale med Kulturrådet.» Av Budsjettinnst. S. nr. 12 for 1980—81 gjekk det fram at det var tale om stønad til dei etablerte kunstnarsentra ut over forsøksperioden. Dette tydde at Norsk kulturråd for 1982 var ansvarleg for vederlaget i samband med utstillingsverksemda ved kunstnarsentra, innanfor ei avtala ramme. Tilskotta til kunstnarsentra måtte aukast merkbart i høve til 1981, då stønaden berre skulle gå til servicetiltak ved og administrasjon av sentra. For 1982 gav Kulturrådet stønaden til kunstnarsentra som tilskott til drift av den samla verksemda ved sentra, medrekna utstillingsverksemde og dei vederlagspliktene som følgde med. Vilkåret for stønaden var at kunstnarsentra sette opp eit arbeidsbudsjett for drifta for året, ut frå dei faktiske tilskotta frå Kulturrådet, fylkeskommunar og kommunar, pluss medrekna eigeninntekt. Med desse føresetnadene og på grunnlag av søknadene som låg føre, løyvde rådet for 1982 i alt kr 1 800 000 til dei fem etablerte kunstnarsentra.

For 1983 viste Stortinget til NOU 1981:45 Formidling av billedkunst og kunsthåndverk, og gjekk ut frå at Norsk kulturråd stødde kunstnarsentra til Stortinget hadde fått drøfta korleis slike tiltak bør finansierast i framtida. Rådet løyvde kr 1 890 000 på same premissar som i 1982.

I St.meld. nr. 27 for 1983—84, Nye oppgåver i kulturpolitikken, heiter det at departementet ikkje ser det som ei statsoppgåve å stø kunstnarsenter. Så langt det gjeld det offentlege, er det eit ansvar for kommunane og fylkeskommunane å sikre drifta av slike senter. I løyvingane til Norsk kulturråd for 1984 og 1985 har Stortinget derfor vist til Budsjettinnst. S. nr. 12 for 1980—81 og rekna med at Norsk kulturråd stør sentra til Stortinget har fått drøfta

den framtidige finansierings- og organisasjonsmåten deira.

På dette grunnlaget løyvde Kulturrådet i 1984 kr 1 925 000 til dei fem sentra, med slik fordeling:

Hordaland .....	kr 385 500
Rogaland .....	» 385 500
Trøndelag .....	» 374 000
Møre og Romsdal .....	» 406 000
Nord-Noreg .....	» 374 000

I St.meld. nr. 27 for 1983—84 er det føresett at rådets engasjement i dei etablerte kunstnarsentra blir nedtrappa i si noverande form. Men andre tilskott kan bli naudsynte, både for etablerte og nye regionale kunstnarsenter.

#### Norsk kunstnerleksikon

I 1981 vedtok rådet å gje eit trykkingstilskott på kr 450 000 til Norsk kunstnerleksikon, fordelt over åra 1981—84. For 1984 sette rådet derfor av kr 112 500 til dette.

#### Seksjonen av kunst- og kunstindustrimuseer i NKKM, til lysbiletseriar

I 1982 vedtok rådet å løyve kr 47 500 pr. år i seks år (1982—86) til lysbiletseriar og teksthefte om norsk biletkunst, produserte i samarbeid med Statens filmsentral. Det vart derfor sett av kr 47 500 til dette i 1984.

#### Sonja Henies og Niels Onstads Stiftelser, utstillinga «Paul Klee og musikken»

I 1982 vedtok rådet å løyve kr 100 000 til utstillinga «Paul Klee og musikken», som skal lagast i samarbeid med Kunstmuseum, Bern (Klee-Stiftung) og visast i 1985. Løyvinga vart gjeven som tilsegn på kr 50 000 i 1983 og det same i 1984.

#### Stiftelsen Fotogalleriet, til prøvedrift av formidlings- og utstillingssenter

I 1983 vedtok rådet å gje stønad til treårig prøvedrift av Stiftelsen Fotogalleriets formidlings- og utstillingsverksemde, med kr 100 000 for 1983, kr 125 000 for 1984 og kr 150 000 for 1985. Stønaden omfatta vederlagsutgifter i samsvar med avtalen mellom staten og kunstnarorganisasjonane. For 1984 vart det derfor sett av kr 125 000 til dette.

#### Avsetjingar

#### Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg

Etter at Utsmykkingsfondet for nye statsbygg vart skipa i 1977, har Norsk kulturråd

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

nytta si avsetjing til utsmykking av fylkeskommunale og kommunale bygg og statsbygg som er bygde før 1977. I tillegg er tilskott til monument og anna utsmykking av utedmiljø teknne av denne avsetjinga.

For 1984 vart det sett av 2,8 mill. kroner til kunstnarleg utsmykking. Av dette var kr 100 000 bundne av tilsegner, slik at det stod att 2,7 mill. kroner til årets søknader.

Det kom inn i alt 87 søknader, fordelt slik: 30 frå fylkeskommunar, 31 frå kommunar, 17 frå staten og 9 frå andre. Rådet gjev etter måten mindre tilskott enn tidlegare til utsmykking av ikkje-statlege bygg. For statsbygg som er bygde før 1977, blir utsmykkingskostnaden dekt fullt ut når søknad er innvilga, — men dette blir stadig vanskelegare å oppnå.

I 1984 vart det innvilga 40 søknader til utsmykking av ikkje-statlege bygg, og 5 søknader til statsbygg. Liste over løvtingane følgjer som vedlegg.

#### Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthandverk

Det vart i 1983 sett av kr 590 000 til denne innkjøpsordninga. Utvalet for kjøp av norsk samtidskunst og kunsthandverk har til oppgåve gjennom kjøp å sikre for det offentlege kunstverk innanfor områda måleri, skulptur, biletvev/tekstil, grafikk, teikning, kunsthandverk og fotografi som kunstnarleg uttrykksform.

Utvalet har ni medlemer som blir oppnemnde for to år om gongen. I tillegg blir det oppnemnt 26 distriktsrepresentantar.

Utvalet har i 1984 vitja 106 utstillingar i Oslo og har i tillegg vitja 20 utstillingar elles i landet. Distriktskontaktane har vitja utstillingar i sine distrikte. Det er gjort innkjøp for i alt kr 515 000. Av denne summen er kr 176 269 nytta til innkjøp utanfor Oslo. Det er grunn til å tru at heile landet er dekt i 1984. Ordninga er særdesentralisert og til stønad for kunstnarane i distrikta.

Oslo kunstforening har mot ei godtjersle på kr 60 000 sytt for mellombels lagring og katalogisering og administrasjonen av dei innkjøpte kunstverka. Det vart sett av kr 15 000 i 1984 til utstilling av dei innkjøpte kunstverka når to-årsperioden er slutt.

#### Stønad til debuterande bilet-kunstnarar

Norsk kulturråd set årleg av ein sum som blir fordelt som tilskott til biletkunstnarar som skal ha si første offentlege separatutstilling. I 1978 vart det vedteke at tiltaket òg skulle gjelde for fotografar som nyttar foto-

grafi som kunstnarleg uttrykksform. Tilskotta skal nyttast til å dekkje materialutgifter og særlege transportutgifter i samband med utstillinga.

Søknadene blir handsama av Den sakkunnige komiteen for Materialfondet for bilet-kunstnarar, som gjev tilråding om tilskott skal gjevast og kor stort det skal vere. I 1984 vart det sett av kr 250 000. 48 søkjrar fekk debutantstønad for summen, sjå vedlegg.

#### Stønad til debuterande kunsthåndverkarar

Ordninga med debutantstønad til kunsthåndverkarar vart skipa i 1979, som ein parallel til ordninga for biletkunstnarar.

For 1984 vart det sett av kr 70 000. 8 søknader vart innvilga med i alt kr 46 500, sjå vedlegg. Resten av avsetjinga vart overført til råvelde for utstillingar og andre eingongs-tiltak for biletkunst og kunsthandverk.

#### Utsyrsstønad til bilet-kunstnarar

Norsk kulturråd vedtok i 1979 retningslinjer for biletkunstnarar som ønskjer utstyr til eigen verkstad/atelier. I 1984 vart det vedteke at tiltaket òg skulle gjelde for fotografar som nyttar fotografi som kunstnarleg uttrykksform. Rådet kan løyve inntil 30 pst. av samla kostnader til utstyr, med kr 15 000 som største tilskott pr. person og kr 60 000 som største tilskott til gruppe. Den sakkunnige komiteen for Materialfondet for biletkunstnarar gjev tilråding om tilskott skal gjevast og kor stort det skal vere.

I 1984 vart det sett av kr 260 000. 29 søknader fekk utstyrsstønad for i alt kr 277 488, sjå vedlegg. Kr 17 600 vart overført frå Utstyrsstønad til kunsthandverkarar.

#### Utsyrsstønad til kunsthandverkarar

I 1979 skipa Norsk kulturråd ei stønadsordning for kunsthandverkarar som ønskjer utstyr til eigen verkstad eller gruppeverkstad. Frå 1982 vedtok rådet å dekkje inntil 35 pst. av utstyrskostnadene, med kr 20 000 som øvre grense pr. person og kr 80 000 som grense for gruppe. Den sakkunnige komiteen for Materialfondet for kunsthandverkarar gjev tilråding om stønad.

For 1984 vart det sett av kr 410 000 til utstyrsstønad for kunsthandverkarar. 30 søknader vart innvilga med til saman kr 392 400, sjå vedlegg. Resten vart overført til utstyrsstønad for biletkunstnarar.

**Til rådvelde for utstillingar og andre eingongstiltak for bilet-kunst og kunsthåndverk**

Til utstillingar og andre eingongstiltak for bilet-kunst og kunsthåndverk vart det sett av kr 1 560 000 for 1984. 60 tiltak fekk stønad, sjå vedlegg.

**Materialfondet for bilet-kunstnarar**

Den sakkunnige komiteen for Materialfondet for bilet-kunstnarar har i 1984 handsama 32 søknader om lån. Etter tilråding frå komiteen har Norsk kulturråd gjeve 27 søknader lånetilsegner på til saman kr 333 820.

Fondet rådde ved årsskiftet 1983/84 over kr 107 138. Rådet sette i 1984 av kr 200 000. Resten av lånetilsegnene er gjevne av midlar som er betalte attende i 1984.

**Materialfondet for kunsthåndverkarar**

Norsk kulturråd vedtok i 1979 retningslinjer for eit Materialfondet for kunsthåndverkarar, som parallell til fondet for bilet-kunstnarar. Ved årsskiftet 1983/84 stod det kr 84 867 til rådvelde for fondet, og rådet sette derfor ikkje av nye midlar til fondet i 1984. Etter tilråding frå Materialfondskomiteen for kunsthåndverkarar gav rådet i 1984 6 kunsthåndverkarar lån, for til saman kr 71 000.

**Vederlag for utstillingsverksemد**

I St.prp. nr. 1 for 1980—81 heiter det at det er «rekna med at Kulturfondet dekkjer utstillingssverdag etter gjeldande avtale med kunstnarorganisasjonane ved utstillingar som får direkte tilskott frå Fondet». Rådet sette av kr 300 000 til vederlag for 1984. Ved årets utgang var kr 230 000 nytt til vederlag. Resten vart overført til rådvelde for utstillingar og andre eingongstiltak for bilet-kunst og kunsthåndverk.

### 8.7 Kulturvern

For 1984 vart det i alt sett av kr 6 750 000 til kulturvern, med denne fordelinga:

Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea (medrekna tidlegare tilsegner kr 70 000) ..... » 1 070 000  
Verneverdige anlegg og miljø medrekna tilsegner kr 1 000 000) ..... » 2 500 000

Verneverdige hus og farty til kulturaktivitetar o.l. (medrekna tilsegner kr 177 700) .....	» 1 477 700
Andre kulturverntiltak (medrekna tilsegner kr 230 000) ....	» 1 702 300

På grunn av stor eigen-finansiering frå søkerane si side, jamt over femti prosent, kunne fleire få tilskott. Likevel fekk berre omlag halvparten av dei 239 søknadene støtte. I alt var det søkt om over 25 mill. kroner til kulturvern i 1984.

Norsk kulturråd fordelte i mange år midlar over heile kulturvernfeltet. Gradvis er no det lovreste kulturvernet skilt ut fordi det er ansvaret til Riksantikvaren og dei arkeologiske musea. Såleis har Kulturrådet (i samråd med Riksantikvaren/Miljøverndepartementet) i 1984 vedteke å leggje frå seg ansvaret for alle freda hus og anlegg og elles alle kulturminne som er under lovvern.

Største delen av den nasjonale og lokale kulturarven på dette feltet har ikkje lovvern. Omframtiltaka ved dei halvoffentlege musea, heile det ikkje lovfesta bygningsvernet, tekniske kulturminne utan lovvern, sikringstiltak, konservering, registrering, fartybevaring, pilotprosjekt, lokalhistoriske tiltak og alle dei nye behov for vern som stadig kjem til syne gjennom søknadsmengda, er framleis stønadsobjekt for Norsk kulturfond. Den stadig breiare interessa for å ta vare på og nytte ressursane på dette feltet har ført til ei medviten omlegging av Kulturrådets tildelingspolitikk dei seinare åra og ei utviding av den tradisjonelle kulturvern definisjonen.

I 1984 har rådet prioritert desse områda:

**Tekniske kulturminne**

På dette området arbeider eit utval med å skaffe oversikt over omfanget og problema i samband med vern av tekniske og industrielle kulturminne. Målet er å få ei registrering som kan gje grunnlag for framlegg til ein verneplan på dette feltet, på same måte som den planen Kulturrådet la fram for verneverdige farty i 1979.

**Større miljøvernprosjekt**

Store deler av kulturvernnavsetjinga har gått til større miljøvernprosjekt som ikkje berre tek vare på dei bygningsmessige, men òg sosiale og kulturelle tradisjonar. Felles for desse tiltaka er at dei har eit heilsaksperspektiv og omfattar både materielt og immaterielt kulturvern. Oftast står eit museum som fagleg ansvarleg, men initiativet kjem ofte frå frivillige grupper som ser at miljøet er truga. Ut av slike miljøprosjekt kan det vekse fram

eit kultursentrum, ofte med eit integrert museum og eit kulturaktivitetshus, som Mosjøen er eit døme på. I det heile gjer utviklinga det vanskeleg for Kulturrådet å skilje mellom reine museumstiltak og andre kultur- og miljøverntiltak, og rådet har uttala ønske om at kulturvernet blir samordna og at museum og kulturminne må sjåast på som to sider av same sak.

#### *«Vern gjennom bruk»*

er eit prioritert mål i Kulturrådets tildelingspolitikk. Kulturrådet har i seinare år hatt ei eiga avsetjing til støtte for vernetiltak som frivillige organisasjonar og grupper (spesielt av ungdom) set i gang for å ta i bruk verneværdige bygningar og farty til kulturvern og sosiale føremål. Også i 1984 prioriterte Kulturrådet slike «vern-gjennom-bruk-tiltak» som er av stor miljømessig verdi sosialt, kulturelt og som økonomisk ressurs.

#### *Lokalhistoriske tiltak*

Kulturrådet har kunna stimulere interessa for opphavleg miljø og lokal kultur. Eit eige utval leverte i 1984 si innstilling om «lokalhistoriske samlingar» (lokalhistorisk arkivtilfang). Rådet vedtok å gå inn for utvalets framlegg om eit landsmofattande nett av lokalhistoriske samlingar som eit langsigkt mål. Rådet vil kunne gje støtte til etablering av lokalhistoriske samlingar som fyller visse krav. I tillegg til dei prøveordningane innan dette område som Kulturrådet hittil har sett i gang, vil rådet vurdere støtte til andre prøveordningar som kan gje erfaringar i oppbyggingsperioden. Rådet gav i 1984 støtte til ei rekke innsamlings- og registreringsprosjekt som saman med røynslene frå prøveprosjekt kan gje godt grunnlag for vidare arbeid i fylke og kommunar.

#### *Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea*

Også i 1984 fekk musea ekstra løyvingar under eiga avsetjing til musé, i tillegg til løyvingar til dei tiltak musea stod for som galdt anlegg og miljø.

Det er framleis berre Kulturfondet av statlege instansar som gjev tilskott til dei omframtiltak som tilskottssordninga til musea ikkje har rom for og som fylke og kommunar ikkje maktar å finansiere heilt ut. Støtte til brann- og sikringstiltak har Kulturrådet måttta avvise.

#### *Andre kulturverntiltak*

Elles har Kulturrådet vore ope for nye idéar og tiltak innan kulturvernfeltet, som til dømes

arbeidet med å utvikle ein rasjonell og fagleg forvarleg modell for lokal verneplan.

#### **8.8 Samisk kultur**

Norsk kulturråd sette i 1984 av kr 1 500 000 til samiske kulturformål. Midlane vart delte på dei ulike underpostane slik:

Samisk litteratur .....	kr 500 000
Samisk musikk .....	» 300 000
Samisk biletkunst og kunst-	
handverk .....	» 300 000
Samisk, andre tiltak .....	» 400 000
<b>Sum .....</b>	<b>kr 1 500 000</b>

Til avsetjinga til samisk litteratur kom det inn så mange søknader om tilskott til bokutgjevingar at det ved utgangen av 1984 låg prosjekt for godt over ein halv million kroner i vente på løyving frå Kulturrådet. Blant desse er rett nok ein del søknader om utgjeving av bøker av finske samiske forfattarar. Underutvalet for samisk litteratur har tilrådd desse utsette til det ligg føre ei avklaring i høve til dei finske (og svenske) stønadsordningane til samisk litteratur.

Det er ei gledeleg utvikling som har skjedd med samisk litteratur. Kulturrådet har i 1984 vedteke at samiske forfattarar skal få honorar som ligg på same nivå som det norske språklege forfattarar får. (Det ligg enno att noko praktisk/juridisk utgreiingsarbeid før ordninga kan ta til å verke.) Samstundes ser det ut til at ei eiga samisk innkjøpsordning på nordisk basis kan kome i gang frå 1985. Vi vil kome tilbake i neste årsmelding med ei vurdering av korleis ei slik ordning kan vere med og styrke samisk litteratur.

Blant samiske biletkunstnarar melder behovet seg no for ei permanent biletssamling og for ei eiga utdanning. Norsk kulturråd har ikkje teke standpunkt til plassering av nokon av desse institusjonane, men har gjeve tilskott til innkjøp av samisk samtidskunst (biletkunst og duodje), slik at verk blir sikra for framtidia. Fleire og fleire skolar og institusjonar har oppdaga kor viktig utsmykking er, og søker Kulturrådet om midlar og hjelp til å kjøpe inn samiske arbeid. Utviklinga med søknader om tilskott til illustrering av samiske bøker har halde fram, og avsetjinga 1984 vart tidleg disponert.

I august 1984 fekk Kulturrådet tilsett ein eigen samisk musikkonsulent, førebels på engasjement i eitt år. Alt om hausten synte talet på søknader om tilskott til samisk musikk ein auke, og rådet reknar med at denne utviklinga vil halde fram. Dei samiske musikarane har organisert seg, og har alt halde to seminar og

ein turné. Elles synest det høge aktivitetsnivået i dei lokale sameforeiningane å kome musikken til del. Det har vore fleire søknader om tilskott til samiske konserter enn tidlegare år.

Samisk teater og film er i framgang, og samiske nærradioar er komne i drift. Kulturrådet har gjeve eit par mindre løyvingar, men har ikkje midlar til å vere hovudfinansieringskjelde for desse tiltaka. Det er likevel spanande felt som no syner seg for første gong innanfor samisk kultur, og rådet vil følgje med og støtte opp om desse tiltaka som kan spreie den samiske kulturen både blant fleire samar og til storsamfunnet.

Eit oversyn over løyvingane til samiske kulturfremål i 1984 ligg ved.

### 8.9 Kulturygg

I 1984 kom inn i alt 35 søknader med ein samla søknadssum på 34 mill. kr.

Ved kgl. res. vart det i 1984 sett av kr 6 500 000 til kulturygg. Midlane vart disponerte på følgjande måte:

Oslo kommunes kunstsamlinger.	
Tilbygg til Munch-museet ....	kr 1 000 000
Skiforeningen. Tilbygg til Skimuseet i Holmenkollen .....	» 800 000
Stavanger kommune. Konserthus i Bjergsted .....	» 1 000 000
Galleri F 15, Jeløya. Tilbygg til galleriet .....	» 1 300 000
Vågan kunstsenter, Svolvær. Nybygg for biletkunst og kunsthandverk .....	» 1 000 000
Bergen kommune. Innreiing av Klostergt. 7 til biletkunstfremål .....	» 700 000
	kr 5 800 000
Til rådvelde for andre byggjetiltak .....	» 700 000
Til saman .....	kr 6 500 000

Rådveldesummen vart brukt slik:

Guovdageainnu gilisillju. Utbygging av museet i Kautokeino	kr 350 000
Norsk Folkemuseum. Oppføring av verkstadbygning .....	» 350 000
	kr 700 000

### Oversyn over langsigktige tilsegner

Utan at det har vore sett av midlar, har Norsk kulturråd i åra 1981—84 gjeve desse lovnadene om tilskott til kulturygg:

Rørosmuseet. Oppføring av nytt museumsbygg på Malmlassen	kr 1 500 000
Stavanger kommune. Konserthus i Bjergsted .....	» 1 000 000
Vågan kunstsenter, Svolvær. Nybygg for biletkunst og kunsthandverk .....	» 1 000 000
Industriarbeidarmuseet på Rjukan. Ominnreiingsarbeid i gamle Vemork kraftstasjon .....	» 2 000 000
Stavanger Museum. Innreiing av Nedre Strandgt. 17 til museumsfremål .....	» 800 000
Tilsegner i alt .....	kr 6 300 000

### Kommentarar:

#### Rørosmuseet

I 1981 gav Norsk kulturråd tilsegn om 2,5 mill. kr til å føre opp eit nytt museumsbygg kostnadsrekna til 8,6 mill. kr. Både Rørosmuseet og Kobberverkets samlinger skal få magasinplass og utstillingslokale i nybygget på Malmlassen. Samla areal 2 430 m<sup>2</sup>. Miljøverndepartementet har i St. prp. nr. 39 (1979—80), «Om tilleggsbevilgning til erverv av kulturminner på Røros», gjeve tilsegn om 2,5 mill. kr til finansiering av denne byggjeoppgåva. Byggjarbeida vil ta til hausten 1985. Rådet sette av 1 mill. kr til dette prosjektet i 1983 og gav lovnad om å løyve restsummen, 1,5 mill. kr, i 1985.

#### Stavanger konserthus

I 1983 løyvde rådet 1 mill. kr og gav samstundes tilsegn om ytterlegare 2 mill. kr til finansiering av eit konserthus i Bjergsted. Kultur- og vitskapsdepartementet har også gjeve 3 mill. kr frå posten «Nasjonale kulturygg» til konserthuset i Stavanger, som har kosta 44,5 mill. kr. Storparten av huset er finansiert av kommunen. Rådet løyvde 1 mill. kr til Stavanger konserthus i 1984 og gav lovnad om å gje ei sluttøyving på 1 mill. kr i 1985.

#### Vågan Kunstsenter

Rådet gav i 1983 tilsegn om 2 mill. kr til å reise eit nytt kulturhus i Svolvær for nord-norske biletkunstnarar og kunsthandverkarar. Bygget var kostnadsrekna til 6,1 mill. kr. Finansieringa elles er delt med 2,2 mill. kr i lån og tilskott frå Distriktenes Utbyggingsfond og eigenkapital på 1,9 mill. kr. Samla areal 840 m<sup>2</sup>. Byggjarbeida tok til i mai 1984. Rådet sette av 1 mill. kr i 1984 og gav lovnad om å løyve ytterlegare 1 mill. kr i 1985.

Vedlegg 1

Arbeidet i råd, utval og fond på kulturområdet i 1984

### Industriarbeidarmuseet på Rjukan

